

Berge, Erling

Research Report

Jordleige og strukturendringar i norsk landbruk: Datadokumentasjon. Norddal

Centre for Land Tenure Studies Rapport, No. 2/2016

Provided in Cooperation with:

Centre for Land Tenure Studies (CLTS), Norwegian University of Life Sciences (NMBU)

Suggested Citation: Berge, Erling (2016) : Jordleige og strukturendringar i norsk landbruk: Datadokumentasjon. Norddal, Centre for Land Tenure Studies Rapport, No. 2/2016, Norwegian University of Life Sciences (NMBU), Centre for Land Tenure Studies (CLTS), Ås

This Version is available at:

<https://hdl.handle.net/10419/299781>

Standard-Nutzungsbedingungen:

Die Dokumente auf EconStor dürfen zu eigenen wissenschaftlichen Zwecken und zum Privatgebrauch gespeichert und kopiert werden.

Sie dürfen die Dokumente nicht für öffentliche oder kommerzielle Zwecke vervielfältigen, öffentlich ausstellen, öffentlich zugänglich machen, vertreiben oder anderweitig nutzen.

Sofern die Verfasser die Dokumente unter Open-Content-Lizenzen (insbesondere CC-Lizenzen) zur Verfügung gestellt haben sollten, gelten abweichend von diesen Nutzungsbedingungen die in der dort genannten Lizenz gewährten Nutzungsrechte.

Terms of use:

Documents in EconStor may be saved and copied for your personal and scholarly purposes.


You are not to copy documents for public or commercial purposes, to exhibit the documents publicly, to make them publicly available on the internet, or to distribute or otherwise use the documents in public.

If the documents have been made available under an Open Content Licence (especially Creative Commons Licences), you may exercise further usage rights as specified in the indicated licence.

Jordleige og strukturendringar i norsk landbruk

Datadokumentasjon.
Norddal

av
Erling Berge



Norwegian University of Life Sciences
Centre for Land Tenure Studies

CLTS RAPPORT 2016


**Jordleige og strukturendringar i
norsk landbruk**

Datadokumentasjon.

Norddal

av

Erling Berge



**Centre for Land Tenure Studies
Norwegian University of Life Sciences**

2016

Teknisk dokumentasjon av datainnsamlinga i Norddal Kommune for prosjektet «Jordleie og strukturendringer i norsk landbruk»

Foto © *Erling Berge*

CLTS Rapport 2016

Institutt for landskapsplanlegging,
Norges miljø- og biovitenskapelige universitet,
1432 Ås, Norge

Forord

Denne rapporten er ein del av forskingsprosjektet «**Jordleie og strukturendringer i norsk landbruk**». Prosjektet er eit forprosjekt der målet er å få til ei landsomfattande gransking av prosessane som flytter bruksrettar til jordbruksareal mellom eigarar og leigarar og kva typar kontraktar som vert tekne i bruk. Forprosjektfasen er finansiert av ei løyving frå NMBU sitt Tverrforsk program for 2014.

Prosjektgruppa, Stein Holden (leiar), Espen Sjaastad, Håvard Steinsholt og underteikna, studerer i forprosjektet situasjonen i 3 kommunar, Ås (0214), Norddal (1524), og Rissa (1624). Denne rapporten fortel om datainnsamlinga for Norddal kommune. Vi tar i bruk opplysningar frå fleire kjelder: Matrikkelen, Landbruksregisteret, kommunale arkiv og eigne intervju.

Prosjektet har støytt på fleire typar hinder som har seinka gjennomføringa. Det første hinderet var ein meir tidkrevjande prosess enn forventa med å få tilgang til registerdata. Det andre var problema med å få folk til å svare på eit tilsendt skjema med spørsmål. Svarraten vart for låg mellom eigarar som ikkje sjølv er aktive jordbrukarar til at vi kan bruke data som opphavelag tenkt. Frafallet var særleg stort for Norddal der vi berre brukte web- og post-utsending av skjema. Der ein personleg leverer ut skjema og hentar dei igjen går det betre. Men det er ein metode som ikkje kan nyttast i ei landsomfattande gransking som var det langsiktige målet. Den er heller ikkje brukbar når eigarane er spreidd over heile landet.

Kombinasjonen av datakjelder gir likevel grunnlag for visse typar konklusjonar. Somme observasjonar vert presentert i innleiingskapittelet. Desse vil bli utdjupa i artiklar etter kvart.

Underteikna vil her få takke alle som tok seg bryderiet med å svare på skjema eller fortelje underteikna om sin eigen situasjon. Sjølv om data ikkje kunne brukast som opphavelag planlagt har dei gitt verdiful innsikt i ein omstillingsprosess som norsk jordbruk er midt oppe i. Eg vil og få takke prosjektleiaren Stein Holden for høvet eg har fått til å studere ei viktig side ved eigedomstilhøva i dagens norske jordbruk.

Erling Berge, mai 2016.

Innholdsliste

Forord	iii
Innholdsliste	iv
Datainnsamling i Norddal kommune	1
Vedlegg 1: Informasjonsskriv for kommunen	33
Vedlegg 2: Intervjuguide kommunetilsette Norddal	35
Vedlegg 3: Intervjuguide	37
Vedlegg 4: E-postinvitasjon til granskinga	41
Vedlegg 5: Postutsending informasjonsskriv for heimelshavar	42
Vedlegg 6: E-post purrebrev	46
Vedlegg 7: Siste e-post purring	47
Vedlegg 8: Brev til den som ønskjer papirskjema	48
Vedlegg 9: Webskjema	49
Vedlegg 10: Kodebok for webskjema	89
Vedlegg 11: Frekvensfordeling	114
*Bygd og eigar	115
*Bustad og arbeid	125
*Type bruk av jorda	133
*Landbruksmaskiner og arbeidskraft	145
*Innleige eller lån av jord	159
*Utleige eller utlån av jord	182
*Samdrift	191
*Kontraktar og framtid	202

Datainnsamling og data om jordleige og bruksstruktur i Norddal kommune

Erling Berge

Jordleige og bruksstruktur i Norrdal kommune


Erling Berge

Innleiing

Jordleige er eit fenomen som er i vekst. Dei siste 10 åra har det auka raskare enn før. I 1959 var 12% av jordbruksarealet i Norge leigd av ein aktiv brukar, i 1979 var dette auka til 20% og i 1999 til 31%. Men fra 1999 til 2010 voks det dobbelt så fort til 42%. I 2010 var det i Møre og Romsdal 47% leigeareal.

Centre for Land Tenure Studies ved NMBU (Norges Miljø- og Biofaglege Universitet) i samarbeid med Norsk institutt for skog og landskap har fått ei lita løyving for å gjere ei prøvegransking av bruken av jordleige i dagens norske landbruk. Dette forprosjektet varer til utgangen av 2015.

Norrdal kommune er ei av 3 kommunar vi skal sjå nærmare på. Utviklinga i jordleige i Norrdal er vist i figuren nedanfor. Vi ser at det i Norrdal er mindre bruk av leigeareal enn i Møre og Romsdal fylke. Men også i Norrdal vert det meir jordleige for kvart år.



Kjelde: T. Klokkehaug, Norrdal kommune, data fra PT 1016 skjema.

Utgangspunktet for prosjektet er at vi har sett ein sterk auke i bruken av leigd jord i Norge dei siste åra. Lovendingar i 2003 og 2006 har skapt nye omstende for bruken av kontraktar. Vi meiner derfor at vi treng meir kunnskap om kva typar kontraktar som er i bruk og om korleis dei ulike kontraktane verkar i praksis.

I kvar kommune ønskjer vi å sjå på tre typar data: data fra landbruksregisteret, data fra intervju av eit utval av dei som driv eller har drive landbruksføretak eller eig landbrukseigedom i dei einskilde kommunane og data fra kommunen si forvaltning av landbruksføretaka. Data vi samlar inn vil bli nytta i samband med å førebu ei meir omfattande gransking av følgjande tema:

- Ei utgreiing av historiske endringar av jordleige og bruk av ulike kontraktformer i Norge,
- Ein studie av korleis landbrukspolitikk, lovendringar og økonomiske trendar påverkar omfang og karakter av jordleige i ulike regionar,
- Ei vurdering av moglege konsekvensar av nyare trendar i jordleige med tanke på effektivisering av produksjon, fragmentering og fordeling av eigedom, og samanhengar mellom bruksformer og busettingsmønster.

Litt bakgrunnsinformasjon


Folketal

Mellom 1890 og 1950 var folketalet i Norddal nokolunde stabilt, men sidan 1950 har det vore på veg nedover. Fra 1950 til 1970 gikk det raskt nedover (16% mindre). Fra 1970 til 1990 var det om lag stabilt, medan det igjen fra 1990 til 2010 gikk raskt nedover (11% mindre). Det som er mest urovekkjande er vel likevel at det mellom 2010 og 2014 minka med nye 6%, tre gonger fortare enn i perioden 1990-2010.

Tabell 1 Folketal i Norddal kommune

15. aug. 1769	1 539
1. feb. 1801	1 373
30. apr. 1815	1 440
27. nov. 1825	1 537
29. nov. 1835	1 706
31. des. 1845	1 777
31. des. 1855	1 895
31. des. 1865	2 089
31. des. 1875	2 326
31. des. 1890	2 410
1. des. 1910	2 408
1. des. 1920	2 494
1. des. 1930	2 489
3. des. 1946	2 477
1. des. 1950	2 485
1. nov. 1960	2 274
1. nov. 1970	2 081
1. nov. 1980	2 099
3. nov. 1990	2 026
3. nov. 2001	1 902
1. jan 2005	1 817
1. jan 2010	1 801
1. jan. 2014	1 685
1.jan.2015	1 676
Kjelde SSB (http://ssb.no/befolkning)	

Geografi



Figur 1 Kart over Norddal kommune for illustrasjon av lokalisering av 5 bygdelag.
 Kjelde: Laga for prosjektet av Skog og Landskap, 2014.

Norrdal kommune er på 943,52 km², der mesteparten er fjell og litt er vatn (43,04km²)¹. Jordbruksareal i drift vart i 2010 rekna til 11,9 km² (tabell 2) fordelt på 5 dalføre/ bygdela (Linge/Valldal; Fjørå; Tafjord; Norrdal (eller Dalsbygda); Eidsdal). Dei 5 bygdene er lett synlege på kartet i figur 1.

Landbrukseigedomar

Etter SSB og SLF sin definisjon skal landbrukseigedomar ha meir enn 5 da eigd jordbruksareal eller meir enn 25 da produktivt skogsareal. I 2014 har Norrdal 286 landbrukseigedomar med minst 5 da eigd jordbruksareal og/eller minst 25da produktivt skogareal (sjå tabell 2). Talet har vore rimeleg stabilt dei siste 10 åra. I 2010 fann ein 277 slike eigedomar og 2006 var det 279. Ser vi på bebygde landbrukseigedomar finn vi i 2010 273 og i 2014 279 eigedomar. Auken i talet på ubygde eigedomar kan ha samanheng med det som SSB nemner: ”en kvalitetssikring og oppdatering av arealer og enheter i Landbruksregisteret”. Ser ein på landbrukseigedomar med boligbygning og busetting har det vore ein viss nedgang fra 215 i 2006 til 204 i 2014. Den største endringa ser vi i talet på personar som er busett på landbrukseigedomar med boligbygg. Dette har minka fra 834 i 2006 til 738. Dette gir oss i 2014 3,6 personar per landbrukseigedom. Nedgangen her er raskare enn kommunen sin nedgang i folketal og peikar mot ei uttynning av jordbruksbefolkninga som truleg vil føre til enno fleire ubrukte våningshus. I første omgang kanskje også fleire leigekontraktar. Det er likevel truleg at for mange landbrukseigedomar med få busette har driveplikta vorte teken vare på gjennom utleige.

Tabell 2 Oversikt over landbrukseigedomar i Norrdal kommune.

	2006	2009	2010	2012	2013	2014
Landbrukseigedomar i alt	279	280	277	286	286	286
Bebygde landbrukseigedomar	278	279	273	279	279	279
Bebygde landbrukseigedomar (prosent)	99.6	99.6	98.6	97.6	97.6	97.6
Landbrukseigedomar med boligbygning	263	263	254	252	253	253
Landbrukseigedomar med boligbygning og busetting	215	209	202	204	204	204
Landbrukseigedomar med boligbygning utan busetting (prosent)	18.3	20.5	20.5	19	19.4	19.4
Personar i alt busett på landbrukseigedomar med boligbygg	834	815	769	754	746	738
Busette på landbrukseigedomar av alle busette i kommunen (prosent)	46.1	46.1	42.7	41.9	42.9	43.8

SSB seier at tabellen «Omfatter eiendommer som har minst 5 dekar eid jordbruksareal og/eller minst 25 dekar produktivt skogareal. Statistikken bygger på data fra ulike registre, og eiendommer i Landbruksregisteret er utgangspunktet. De siste årene har det pågått en kvalitetssikring og oppdatering av arealer og enheter i Landbruksregisteret. Dette har ført til at endringer fra ett år til neste ikke nødvendigvis viser den reelle endringen i perioden. Overgang fra matrikeladresse til vegadresse har også gitt store endringer fra ett år til det neste i noen kommuner.»

Kjelde: <https://www.ssb.no/statistikkbanken/> ...Tabell 06520: Landbrukseiendommer, med bebyggelse og busetting (K)

¹ Tala gjeld for 2015. SSB noterer «Kommunetallene gjenspeiler reelle endringer i kommuneinndeling og grenseforløp, men det er også foretatt kvalitetsforbedringer i grunnlaget som virker inn på tallene. Det er gjort kvalitetsjusteringer fra 2007 og 2010.» Tabell 1 Areal av land og ferskvatn. Kvadratkilometer. Sjå <http://www.ssb.no/natur-og-miljo/statistikker/arealdekke/aar/2015-04-09?fane=tabell#content>

Jordbruksbedrifter

Jordbruksbedrifter er noe ann enn landbrukseigedomar. Medan talet av eigedomar held seg omlag stabilt har talet på bedrifter mellom 2000 og 2013 minka med meir enn ein tredjedel, fra 156 til 96 (tabell 3).

Tabell 3 Talet av jordbruksbedrifter i Norddal med minst 5 da jordbruksareal i drift; i alt og med fulldyrka jord. Etter 1999 inkluderer ein også samdrifter og hagebruk.

År	Jordbruksbedrifter i alt	Med fulldyrka jord	Areal og kulturlandskapstilskot fra SLF 31/7 fra PT-5040	Talet av søkjarar fra PT-910
1969	272	271		
1979	216	214		
1989	187	187		
1999	159	157	146	151
2000	156	153	146	148
2001	151	148	138	140
2002	145	143	128	135
2003	136	135	123	128
2004	127	127	122	122
2005	121	121	111	114
2006	119	118	110	111
2007	111	111	101	109
2008	118	115	106	112
2009	115	110	106	109
2010	110	105	100	109
2011	107	104	98	103
2012	102	98	97	102
2013	96	93	90	96
2014			95	98
2015			96	96

Kjelde 1: <https://www.ssb.no/statistikkbanken/>

Tabell: 08646: Jordbruksbedrifter ialt og med fulldyrka jord

Før 1999: Omfatter jordbruksbedrifter med minst 5 dekar jordbruksareal i drift.

F.o.m. 1999: Omfatter også jordbruksbedrifter med mindre enn 5 dekar jordbruksareal i drift, i hovedsak samdrifter og hagebruk.

Kjelde 2: <http://statistikk.landbruksdirektoratet.no/skf/prodrapp.htm>

PT-910 Jordbruksareal i drift og antall søkere pr. 31.7

PT-5040 Utbetaling etter søknad pr. 31.7

Jordbruksareal i drift

Nedgangen i talet av landbrukseigedomar som er i drift viser seg ikkje tilsvarande i fulldyrka areal som er i drift. Rett nok ser vi at fulldyrka areal har minka sidan 1989. I 1989 var det ca 18% meir fulldyrka areal enn i 2013. Men i 2013 er det framleis meir fulldyrka areal enn i 1969. Samla jordbruksareal varierer litt annleis. Sidan 1969 har det gått nedover, litt i rykk og napp og mest i perioden 2009-2013. Arealet i 1969 var 14% høgare enn i 2013 og i 2009 var det 12% høgare.

Tabell 4 Jordbruksareal i drift og fulldyrka areal i Norddal fra 1969 til 2013.

År	Jordbruksareal i drift	Fulldyrka
1969	13029	8243
1979	11791	8503
1989	12686	9970
1999	13001	9829
2000	12727	9547
2001	12878	9643
2002	12863	9530
2003	12394	9206
2004	12267	9111
2005	12359	9226
2006	12375	8972
2007	12506	9161
2008	12609	9176
2009	12731	9256
2010	11912	8595
2011	11620	8531
2012	11560	8479
2013	11393	8401

Kjelde: <https://www.ssb.no/statistikkbanken/>
Tabell: 06462: Jordbruksareal, etter bruken (dekar) (K)

Eigedomar i matrikkelsamanheng.


Grunnlagsmaterialet til statistikk for landbrukseigedomar får SSB fra Statens Kartverk. Grunnlagsmaterialet er dårleg tilpassa statistikkproduksjon. SSB freistar betre kvaliteten på statistikken, men dei noterer at det gjer samanlikningar over tid vanskeleg.

Kartet i figur 2 illustrerer eitt av problem for statistikken. Store sameiger har tradisjonelt ikkje vore registrert med heimelshavarar. Dette har ein byrja gjere, men framleis er det store «kvite» flekkar på kartet der matrikkelen ikkje har registrert heimelshavar.

Vi ser også ein kvit flekk der ein i tidlegare tider hadde gr.nr. 48, Vindsnes. Garden er rekna fraflytt ca 1740. I matrikkelen fra 1907 er Elias Jonsen Viken registrert som eigar. Men i dagens matrikkel slik den er tilgjengeleg ved NMBU finst ikkje gardsnummeret.

Fra oversikten over kommunen ovanfor (sjå tabell 2) tar vi med at det i 2013 finst 279 bebygde landbrukseigedomar derav 204 med busetting, medan det i følgje tabell 3 berre er 93 jordbruksbedrifter med fulldyrka areal i drift. Av desse er det 90 som får areal- og kulturlandskapstilskott. Desse 93 bedriftene har ikkje mye mindre fulldyrka areal i drift i 2013, 8401 dekar, enn det dei hadde dei 153 som fanst i 2000. Dei hadde 9547 dekar i drift.

Vi ønskjer å finne ut meir om korleis tilhøvet er mellom dei 93 som driv aktivt jordbruk og dei 186 bebygde jordbrukseigedomane som ikkje driv aktivt i tydinga at dei ikkje tar imot tilskott fra staten. Desse 186 bebygde eigedomane er fordelt med 75 bebygde utan busette og 111 bebygde med busetting men utan drift.



Figur 2. Kart over Norddal. Område der heimelhavar er kjent er farga raudt. Eigedomar som manglar registrert eigar er ikkje fargelagt. Kartet er laga av Anders Eika*

*Kartdata er lastet ned i mars 2015. Informasjon om eiere er henta frå Ambitas webportal (<https://www.infoland.no/portal/infoland/>). Matrikkelkartet er lastet ned frå Norge Digitalt. Kartdataene er behandlet med Esri ArcGIS 10.2.2. Ortofototet er henta frå Esri med kartprogram (Esri, DigitalGlobe, GeoEye, i-cubed, Earthstar Geographics, CNES/Airbus DS, USDA, USGS, AEX, Getmapping, Aerogrid, IGN, IGP, swisstopo, and the GIS User Community).

Lovgrunnlaget for bruk av avtaler om jordleige

Jordlova fastlegg at driveplikta som finst for jordbruksareal kan oppfyllest ved skriftlege utleigeavtalar på minst 10 år. Konesjonslova seier at dersom ein skriv avtalar for meir enn 10 år krevst det konsesjon. Avtalen må handsamast som fradelingssak. Kravet om driveplikt og ønsket om å kome unna ei konsesjonshandsaming gjer at både utleigarar og innleigarar skriv kontraktar på 10 år. Det finst også ein del munnlege avtalar. Dei kan då etter lova ikkje stette kravet om driveplikt. Men i den grad ein kunne akseptere munnlege avtalar må ein implisitt gå ut fra at dei vil vere på 10 år.

Jordlova²

§ 1. «Føremål. Denne lova har til føremål å leggja tilhøva slik til rette at jordviddene i landet med skog og fjell og alt som høyrer til (arealressursane), kan verte brukt på den måten som er mest gagnleg for samfunnet og dei som har yrket sitt i landbruket.

Arealressursane bør disponerast på ein måte som gir ein tenleg, variert bruksstruktur ut fra samfunnsutviklinga i området og med hovedvekt på omsynet til busetjing, arbeid og driftsmessig gode løysingar.

Ein samfunnsgagnleg bruk inneber at ein tek omsyn til at ressursane skal disponerast ut fra framtidige generasjonar sine behov. Forvaltninga av arealressursane skal vera miljøforsvarleg og mellom anna ta omsyn til vern om jordsmonnet som produksjonsfaktor og ta vare på areal og kulturlandskap som grunnlag for liv, helse og trivsel for menneske, dyr og planter.»

...

§8 «Jordbruksareal skal drivast. Ny eigar må innan eitt år ta stilling til om han eller ho vil drive eignedomen sjølv eller leige bort jordbruksarealet etter føresegnene i andre ledd.

Driveplikta kan oppfyllest ved at arealet vert leigd bort som tilleggsjord til annan landbrukseigedom. Det er ein føresetnad for at driveplikta er oppfylt ved bortleige at leigeavtala er på minst 10 år om gongen utan høve for eigaren til å seie ho opp. Avtala må føre til driftsmessig gode løysingar og vere skriftleg. Avtaler som fører til driftsmessig uheldige løysingar, kan følgjast opp som brot på driveplikta. Ei leigeavtale som er i strid med andre, tredje eller fjerde punktum, kan ikkje gjerast gjeldande mellom partane eller i høve til offentlege styresmakter.»

§ 19. «Tilsyn. Kommunen og fylkesmannen fører tilsyn med at føresegnene i §§ 8, 9, 10, 11 og 12 vert haldne.»

² Sitat fra LOV-1995-05-12-23 (<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1995-05-12-23?q=Jordlova>), januar 2016.

*Konsesjonslova*³

§1 «Loven har til formål å regulere og kontrollere omsetningen av fast eiendom for å oppnå et effektivt vern om landbrukets produksjonsarealer og slike eier- og bruksforhold som er mest gagnlige for samfunnet, bl.a. for å tilgodese:

1. framtidige generasjoners behov.
2. landbruksnæringen.
3. behovet for utbyggingsgrunn.
4. hensynet til miljøet, allmenne naturverninteresser og friluftinteresser.
5. hensynet til bosettingen. »

...

§3 «Lovens regler om konsesjon gjelder også stiftelse og overdragelse av leierett og annen lignende bruksrett over fast eiendom med mindre retten er stiftet for en tid av høyst 10 år, uten adgang for brukeren til å kreve kontraktstiden forlenget ut over dette tidsrom. Det samme gjelder for andre rettigheter over fast eiendom som innebærer at eierens adgang til å rå over eiendommen eller til å få det økonomiske utbyttet av den blir vesentlig innskrenket. Stiftelse og overdragelse av utbyggingskontrakter av enhver art, herunder avtaler om fortrinnsrett til å foreta utbygging, medfører konsesjonsplikt uten hensyn til varighet.

Fast eiendom kan ikke tas til brukelig pant for lengre tid enn 3 år uten konsesjon.»

Datainnsamling

Vi treng data fra eigarane av 3 ulike typar landbrukseigedomar: dei aktive eigarane som driv eiga jord saman med innleigd jord, dei aktive eigarane som driv eiga jord og berre det, og eigarane som ikkje driv sjølv men leiger ut jord til dei som driv aktivt. I tillegg kan det finnast einskilde aktive brukarar som paktar eigedommen dei driv. Etter lov om forpaking (LOV-1965-06-25-1) skal avtalar om forpaking leggjast fram for kommunen som vil kontrollere den mot gjeldande lover og forskrifter. I Norddal kommune er det registrert forpaktingsavtale for gardsnummer 60 bruk nummer 2.

Talet på aktive jordbrukarar anten dei leiger inn areal eller ikkje er i følgje tabell 3 ovanfor i nærleiken av 93 i 2013. For å finne fram til flest mogeleg av desse eigarane har vi fått tilgang på 3 ulike kjelder:

1. Fra Norddal kommune har vi fått e-postadresser til 85 mottakarar av stønad til jordbruksdrift,
2. Få Statens Landbruksforvaltning har vi fått ei liste over 373 eigarar av landbrukseigedomar⁴, og
3. Fra Statens Kartverk har vi fått ei liste over 683 heimelshavarar til matrikkeleiningar med meir enn 5 da areal.

³ Sitat fra LOV-2003-11-28-98 (<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2003-11-28-98?q=konsesjonsloven>), januar 2016.

⁴ Ein jordbrukseigedom har 5 da jordbruksareal eller meir. Som jordbruksareal reknar ein fulldyrka og overflatedyrka areal. Dette tyder dyrka jord til åker, eng og beite samt natureng til beite eller slått.

Basert på dei to første kjeldene fekk vi sendt ut invitasjon til å svare på eit web-skjema lagt inn hos *Norsk Samfunnsvitenskapelige Datatjeneste*. Invitasjonane vart sendt til 80 e-post adresser og 277 vanlege postadresser. Den siste kjelda kom for seint til at vi fekk teke omsyn til den, men den vil bli brukt for å sjå om vi har utelatt mange som burde vore inkludert.

E-postadressene

Fra Norddal kommune fekk vi ei liste med 85 e-post adresser til aktive jordbrukarar i 2014 som også er mottakarar av statlege tilskott. Denne lista inneheld 5 adresser til bedrifter (Valldal Samdrift, Kleivasida Samdrift, Eidsdal Samdrift, Fjørå Samsau DA og Omenås sagbruk) som ikkje skulle svare på spørsmåla vi ville stille til personlege eigarar. Desse vart droppa. Da skulle det vere minst 80 aktive brukarar som anten driv berre med eiga jord eller som også leiger inn jord. Vi fekk melding om at 4 av e-postadressene ikkje verka. Åtte svarar på web-skjema at dei ikkje vil delta. Førtitre høyrer vi ingenting fra. Tre svarer OK, men returnerer tomt skjema. Tjueto svarar.

I oversikten fra SLF over mottakarar av tilskott i Norddal i 2013 er det 110 namn, men ingen adresser. Seks av desse er bedrifter med delta ansvar (DA) eller ansvarlege selskap (ANS). I 2013 er det med andre ord 104 personlege brukarar som tar imot tilskott til drifta. I tabell 3 ovanfor er det registrert 93 mottakarar av areal- og kulturlandskapstilskott. Men det er ein del andre typar tilskott som kan forklare skilnaden.

Adresser fra Statens Landbruksforvaltning

Å finne fram til brukarar som anten lar vere å søkje tilskott eller som leiger ut jorda si er vanskelegare.

Fra Statens Landbruksforvaltning (SLF) fekk vi tilsendt ei liste med adresser til 373 eigarar av landbrukseigedom i Norddal kommune (august 2014). Lista inneheld ikkje identifikasjon av eigedommen (det er ikkje oppgitt gr.nr./br.nr.). Men ein ser 20 dobbeltregistreringar av personar. Same eigaren kan ha heimel til fleire matrikkeleiningar. Det faktiske talet på ulike eigarar vart redusert til 353. Av desse har vi e-postadresser til 71. Mellom dei 80 e-postadressene fra Norddal kommune har vi 9 personar som ikkje er med i SLF si liste over eigarar. Vi har dermed post-adresse eller e-postadresse til 362 personar. I oversikten over dei 362 finn vi 9 med same gateadresse. Ein vil gå ut fra at dette indikerer medeigarskap og referer til same landbrukseigedom. Vi er da tilbake til 353 ulike eigarar som kan få tilsendt spørjeskjema. Vi har e-postadresse til 80 og postadresse til 273. Mellom dei 353 er det grunn til å tru at det finst fleire som er ført opp som medeigarar. Men vi har ikkje her grunnlag for å redusere utsendinga ytterlegare. Den faktiske utsendinga gjekk til 4 fleire postadresse (277). Ikkje alle med same adresse vart identifisert i første runde.

Åtte av breva kjem i retur med melding om at adressa er feil. Tre av desse vert sendt på nytt med ny adresse. Fem svarar at dei ønskjer å ta del, men vil helst ha eit papirskjema. Dei får dette tilsendt, to svarar. Femtito svarar på brevet og seier fra at dei ikkje vil delta. Somme gir gode

grunnar. Fra 208 kjem det ingen reaksjon. Fire av breva kjem i retur med melding om at mottakaren er død. Tretten svarar på skjema.

Adresser til heimelshavarar fra Statens Kartverk

Fra Statens Kartverk fekk vi oversikt over alle matrikkeleiningar med meir enn 5 da areal. I Norddal kommune var det lista opp 683 slike.

- 2 av desse har oppgitt Statens Vegvesen, Oslo, som heimelshavar (1) eller AE - Aktuell eigar (1);
- 45 oppgir Statens Vegvesen Region Midt-Norge, Molde, som KE – Eigars kontaktadresse;
- 45 har oppgitt Møre og Romsdal fylkeskommune som AE - Aktuell eigar (44) eller heimelshavar (1);
- 32 har oppgitt Norddal kommune som heimelshavar;
- Gr.Nr. 15/ Br.Nr. 9 har 17 ulike gr.nr./br.nr. som heimelshavarar (dette er da eit jordsameige);
- 17 einingar har Tafjord kraftproduksjon (16) eller Tafjord Kraft (1) som heimelshavar;
- Opplysningsvesents Fond har 1 grunneigedom;
- Statsskog har heimel til 2 grunneigedomar;
- Valldal Idrettslag har heimel til 2 eigedomar (ein grunneigedom og eitt feste);
- Valldal Høvleri AS har heimel til 2 grunneigedomar;
- Ålesund og Sunnmøre Turistforening har heimel til 3 grunneigedomar.

Mellom dei 515 matrikkeleiningane som da står igjen, finn vi 12 identifisert ved organisasjonsnummer: 2 på Muritunet AS, 1 på Fjordlaks Aqua AS, 1 på Fjordlaks AS, 1 på Berg Invest AS, 1 på Remset Eiendom AS, 1 på Sylte Eiendom AS, og 1 på Borgstuen AS. Dei 4 siste, Eidsdal Samdrift DA, Kleivasida Samdrift DA, Valldal Samdrift DA, og Valldal Grønt AS er relevante for landbruket og vert tekne med vidare. I denne fila med 507 matrikkeleiningar har ein da 503 personar og 4 organisasjonar.

Dei 503 matrikkeleiningane med personar som heimelshavarar er klassifisert i grunneigedom for 500 og festegrund for 3. Det er også ein grunneigedom der heimelsrelasjonen er registrert som feste.

Mellom dei 503 personane finn ein 4 personar identifisert med fødselsdato-nr, 4 personar med løpenummer, og resten, 495 personar, med fødselsnummer. Dei 8 personane som ikkje har personnummer har heller ikkje registrert adresse. 7 av personane med personnummer er utan adresse. Tar vi bort 4 organisasjonar (med adresse) og 15 personar utan adresse har vi 488 matrikkeleiningar med personar med kjent adresse som heimelshavarar.

Mellom dei 488 personane med adresse finn ein 9 med adresse i andre land enn Norge (4 i Sverige, 2 i Nederland, 1 i USA, 1 i Canada og 1 i Forente Arabiske Emirater). Vi har da 479 personar med adresse i Norge.

Av dei 479 personen med adresse har 327 adresse i kommunen, 152 har adresse utanom kommunen.

Mange personar har heimel til meir enn ei matrikkeleining. Etter å ha fjerna dublettar eller tripplettar (ingen hadde fleire enn 3) sit vi igjen med 392 unike personar. Mellom desse er det ein del medeigarar som eig ein part av matrikkeleininga. Vi finn 282 ulike matrikkelnummer for dei 392 personane.

Ser vi på matrikkelnummera til dei 392 personane finn vi ut fra opplysningar i Norddal bygdebøker Bind V (Linge and Tafjord 1997) at 39 av dei gjeld bruksnummer som vart fraflytt før 1964. Registreringane ligg på gardane Muldal, Korsnes, Kaste, Osvik, Herdalen, Ospahjellen, Verpesdal, Skrenakk, Robbervika og Smoge (sjå tabell nedanfor). I tillegg finn vi og at gr. nr. 80, br. nr. 1, eigd av Statskog SF, er festa av Ole Jakob Grønningsæter⁵. Alle desse gardane bortsett fra Herdalen og Muldal ligg slik til at dei i jordbrukssamanheng i dag ikkje kan brukast til anna enn utmarksbeite, og kanskje ikkje det heller, sidan adkomsten store deler av året vil krevje bruk av båt. Dei 392 adressene kan dermed reduserast til 352.

Tabell 5 Namn på gardane, talet på heimelshavarar i liste med 392 adresser i Norge, og år for fraflytting. Kjelde: Linge and Tafjord (1997) og adresseliste fra Kartverket.

Gr Nr		Heimelshavarar med i lista over 392 personar med heimel og adresse i Norge	Fraflytt/ Nedlagt
35	Nerhus	0	Ukjent, i 2015 er det ingen bruk i drift.
36	Muldal	4	1956
40	Nedste Rødal	0	1967, innmarka neddemt i Zakrisdammen
41	Øvste Rødal	0	1957, heimel hos Tafjord Kraftproduksjon
43	Storvik	0	1946
45	Korsnes	1	1946
46	Kaste	2	1956
47	Osvik	3	1953
48	Vindsnes	0	1740, i dag utan matrikkelnummer
50	Herdalen	2	1705, seter i drift, ein god del grasproduksjon
74	Ospahjellen	2	1957
75	Verpesdal	4	1964
76	Skrenakk	1	1954
77	Robbervika	15	1920, sidan 1984 gruvedrift etter olivin
78	Smoge	5	1957
79	Smogeli	0	1952
80	Statsallmenning	1	Festa til Ole Jakob Grønningsæter
81	Statsallmenning	0	

⁵ Festekontrakta er på 20 år datert 27 april 1988, 10 dagar før O. J. Grønningsæter sin 85 årsdag.

Vi ser ut fra denne tabellen at fra gardsnummer vart innført og fram til første verdskrigen var det 2 gardar (48 og 50) som vart fraflytt. Den eine av desse er fjerna som matrikkelnummer (48) medan den andre er ei av dei store setrane som framleis er i drift med mye grasproduksjon i tillegg.

I perioden 1920 til 1965 vert ytterlegare 12 gardar fraflytt og nedlagt. I 1967 vert ein gard (nr. 40) neddemt for kraftproduksjon. Men fra 60-talet og utover får fraflyttinga ein annan karakter. Vi ser no i aukande grad at gardshus blir ståande tomme. Dei går over til å vere feriehus medan jorda vert drive vidare av naboar.

Tabell 6 Oversikt over Namn på gardane i Norddal, første gongs registrert busetnad, år for fraflytting. Kjelde: Linge and Tafjord (1997)

Gr Nr	Namn	Tal på bruksnummer fra 1989	Opplysningar fra Bygdeboka (Linge and Tafjord 1997)	Utan jordbruks-drift	Merknader
1	Linge	23 bruksnr	Busetnad registrert i 1521, 7 bruk i drift		
2	Lingås	18 bruksnr	Busetnad registrert i 1603, 3 bruk i drift		
3	Muriås	20 bruksnr	Busetnad registrert i 1611, 1 bruk i drift		
4	Muri	Ca 100 br.nr.	Busetnad registrert i 1521, drift på 3 bruk		
5	Berdal	4 bruksnr	Busetnad registrert i 1651		
6	Jamtegard	5 bruksnr	Busetnad registrert i 1603, eitt bruk i drift		
7	Uri	12 bruksnr	Busetnad registrert i 1603, 2 bruk i drift		
8	Valdal	29 bruksnr	Busetnad registrert i 1521, 6 bruk i drift+4 jordbær bruk		
9	Myklebust	10 bruksnr	Busetnad registrert i 1603, 6 bruk i drift		
10	Omenås	42 bruksnr	Busetnad registrert i 1603, 3 bruk i drift		
11	Gjerde	18 bruksnr	Busetnad registrert i 1603, 3 bruk i drift		
12	Berli	3 bruksnr	Busetnad registrert i 1603, 2 bruk i drift		
13	Rem	6 bruksnr	Busetnad registrert i 1603, 4 mjølkebruk ++?		
14	Alstad	14 bruksnr	Busetnad registrert i 1603, eitt bruk i drift		
15	Langdal	10 bruksnr	Busetnad registrert i 1627, eitt bruk i drift		2015 ingen i drift
16	Høghjelle	6 bruksnr	Busetnad registrert i 1651		
17	Grønningsæter	?	Busetnad registrert i 1627, 3 bruk i drift		
18	Grønning	?	Busetnad registrert i 1603, 4 brukarar		
19	Alstadsæter	6 bruksnr	Busetnad registrert i 1651, bruk nr 3 slutta i 1953		
20	Myren	8 bruksnr	Busetnad registrert i 1603, 3 bruk i drift		
21	Remset	6 bruksnr	Busetnad registrert i 1606, 2 bruk i drift		
22	Hoel	8 bruksnr	Busetnad registrert i 1603,		
23	Heggen	7 bruksnr	Busetnad registrert i 1603, 2 av 3 brukraar driv		
24	Hjelme	7 bruksnr	Busetnad registrert i 1603, 2 brukarar driv jordbruk		
25	Bjørstad	6 bruksnr	Busetnad registrert i 1430		
26	Døving	33 bruksnr	Busetnad registrert i 1521, 7 brukarar driv jordbruk		
27	Sylte	150 bruksnr	Busetnad registrert i 1521, nemnt i sagalitteratur, ikkje drift		tettstad
28	Viken	8 bruksnr	Busetnad registrert i 1651,		
29	Ytterli	3 bruksnr	Busetnad registrert i 1603, 2 bruk i drift		
30	Ruset		Busetnad registrert i 1603, 1 bruk i drift		
31	Selboskar	13 bruksnr	Busetnad registrert i 1432, 3 bruk i drift		
32	Hauge Ytre	32 bruksnr	Busetnad registrert i 1603		
33	Hauge Indre	51 bruksnr	Busetnad registrert i 1603		
34	Sæter	5 bruksnr	Busetnad registrert i 1603, 1 brukar		
35	Nerhus	7 bruksnr	Busetnad registrert i 1603, eitt bruk i drift		I 2015 er det ingen bruk i drift
36	Muldal	2 bruksnr	Busetnad registrert i 1610, drift stoppa i 1956	1956	
37	Tafjord	198 bruknr	Busetnad registrert i 1521, 3 bruk i drift		
38	Heimste Rødal	4 bruksnr	Busetnad registrert i 1603, TK eig bruk nr 1 og 2,		
39	Øyna	1 bruksnr	Busetnad registrert i 1651, er i drift (geit)		
40	Nedste Rødal	15 bruksnr	Busetnad registrert i 1603, neddemt i 1967	1967	
41	Øvste Rødal	11 bruksnr	Busetnad registrert i 1647, 2 bruk fraflytt 1950 og 57	1957	
42	Kaldhussæter	8 bruksnr	Busetnad registrert i 1627, TK eig 3 bruk (1,3,5)		
43	Storvik	23 bruksnr	Busetnad registrert i 1701, nedlagt ca 1935, ny drift 40-46	1946	
44	Kaldhusdal	9 bruksnr	Busetnad registrert i 1610, eit bruk i drift (geitmjølk)		
45	Korsnes		Busetnad registrert i 1651, fraflytt 1946	1946	

46	Kaste		Busetnad registrert i 1603, fraflytt 1956	1956	
47	Osvik	?	Busetnad registrert i 1603, nedlagt 1953	1953	
48	Vindsnes ⁶		Busetnad registrert i 1651, fraflytt ca 1740	1740	
49	Dale- Dalebø	?	Busetnad registrert i 1521, drift på 8 bruk		
50	Herdalen	?	Busetnad registrert i 1603, opptil 3 brukarar, ingen registrert etter 1705	1700	
51	Dalhus	3 bruksnr	Busetnad registrert i 1603		
52	Engeset	9 bruksnr	Busetnad registrert i 1603, 1 brukar		(prestegard 1694)
53	Relling	37 bruksnr	Busetnad registrert i (1100)1521, 8 bruk i drift		
54	Hatlestad	8 bruksnr	Busetnad registrert i 1603, 2 bruk i drift		
55	Lilleås	2 bruksnr	Busetnad registrert i 1603, 1 bruk i drift		
56	Storås	4 bruksnr	Busetnad registrert i 1603, 1 bruk i drift		
57	Hjelle Heimre	11 bruksnr	Busetnad registrert i 1603, ikkje drift	x	
58	Hjelle Midtre	25 bruksnr	Busetnad registrert i 1603, 2 bruk med jordbruksdrift		
59	Hjelle Fremre	6 bruksnr	Busetnad registrert i 1603, 1 bruk med drift		
60	Veiberg	9 bruksnr	Busetnad registrert i 1521, 2 bruk i drift		
61	Kleiva	4 bruksnr	Busetnad registrert i 1603, 2 bruk i drift		
62	Løvoll	3 bruksnr	Busetnad registrert i 1603, 2 bruk i drift		
63	Årset	4?	Busetnad registrert i 1603, 4 bruk i drift		
64	Eide Indre	16 bruksnr	Busetnad registrert i 1603 (1430 Aslak Bolt), 3 bruk er i drift		
65	Eide Heimre	30 bruksnr	Busetnad registrert i 1521 (1430 Aslak Bolt), drift på 6 bruk		
66	Skuset	15 bruksnr	Busetnad registrert i 1603, 3 bruk i drift		
67	Berge	8 bruksnr	Busetnad registrert i 1603, bruk nr 1 i drift fram til 1985		
68	Øye	7 bruksnr	Busetnad registrert i 1603, ikkje drift	x	
69	Rønneberg	11 bruksnr	Busetnad registrert i 1521, drift på minst 6 bruk		
70	Krikane	1 bruksnr	Busetnad registrert i 1610, er i drift		
71	Hesthaugen	3 bruksnr?	Busetnad registrert i 1603, 1 brukar driv		
72	Kilsti	7 bruksnr	Busetnad registrert i 1603, 2 bruk i drift		
73	Ytterdal	Ca 133 bruksnr	Busetnad registrert i 1521, 2 bruk i drift		tettstad
74	Ospahjellen		Busetnad registrert i 1706, nedlagt 1957	1957	
75	Verpesdal	4 bruksnr	Busetnad registrert i 1603, alle fraflytt 1952-64	1964	
76	Skrenakk	3 bruksnr?	Busetnad registrert i 1638, fraflytt 1954	1954	
77	Robbervika		Busetnad registrert i 1616, nedlagt ca 1920	1920	
78	Smoge	?	Busetnad registrert i 1603, fraflytt 1957	1957	
79	Smogeli	1 bruksnr	Busetnad registrert i 1651, fraflytt 1952	1952	
80	Statsallmenning	1 bruksnr	Ikkje busetnad, festa til Ole Jakob Grønningseter. Festekontrakta er på 20 år datert 27 april 1988, 10 dagar før Grønningseter sin 85 årsdag.		Ikkje nemnt i bygdeboka
81	Statsallmenning	1 bruksnr	Ikkje busetnad		Ikkje nemnt i bygdeboka


Ovanfor delte vi kommunen inn i 5 bygder. Dei ulike gardsnummera fordeler seg på bygdene slik:

Tabell 7 Gardane (gardsnummera) fordelt på bygdelag i Norddal kommune.

<i>Bygd</i>	<i>Gardsnummer</i>	<i>Merknader</i>
Valldal	1-27	Linge omfattar nummera 1-3
Fjørå	28-35	
Tafjord	36-44	
Einslege gardar fraflytt	45-48	På vestsida av Tafjorden ut til grensa til Norddal/ Dalsbygda
Norrdal/ Dalsbygda	49-55	
Eidsdal	56-73	
Einslege gardar fraflytt	74-79	Vestover fra Eidsdal og innover Geirangerfjorden
Statsallmenning	80-81	Mot nord og mot aust på grensa til Rauma

⁶ Har ikkje matrikelnummer ifølgje kartverket. I matrikkel fra 1907 er Elias Jonsen Viken registrert som eigar.

På kartet over busetjingsmønsteret fra Folke- og boligteljinga i 2001 ser vi tydeleg både bygdelaga og korleis dyrkajorda er fordelt mellom fjella.



Figur 3 Fordelinga av folk mellom fjellområda

Samanlikning av adresser fra Statens Kartverk og Statens Landbruksforvaltning

Samanliknar vi dei to adresselistene, 362 personar basert på lista fra Statens Landbruksforvaltning og 392 personar basert på lista over matrikkeleiningar med meir enn 5 da areal, finn vi at dei har 308 personar felles. Det er med andre ord 138 unike personar i tillegg som kan knytast til eit matrikelnummer i Norddal kommune. Det blir 446 ulike heimelshavarar. På den andre sida finn vi mange bruk med 2 eller fleire heimelshavarar.

Lista fra Statens Kartverk var ikkje tilgjengeleg før lenge etter at skjema var sendt ut. Invitasjonen gjekk til 80 via e-post og 277 via vanleg brev.

Utsendte skjema

Det vart lagt 277 skjema i posten og 80 andre fekk invitasjonen på e-post. Dette ga følgjande resultat

For dei 80 e-postane vart resultatet 32 registrerte svar

- 44 reagerte ikkje på nokon måte
- 4 e-postar vart avvist
- 10 reagerte men svara at dei ikkje ville delta
- 22 svarte på spørsmåla

For dei 277 brevinvitasjonane vart resultatet

- 195 svarte ikkje i det heile
- 1 svarte per e-post at heimelen vart ført over til *nm* i 1994
- 4 kom i retur med opplysning om at adressaten var død
- 1 fekk vi opplyst på annan måte at adressaten var død
- 8 kom i retur med beskjed om at adressaten var ukjent, 3 vart sendt ut med ny adresse, ein av desse svara ”vil ikkje delta”
- 42 svara at dei ikkje ønskjer å delta
- 3 ba om papirskjema, men svara aldri
- 2 ba om papirskjema og svara
- 10 opplyser at dei er medeigarar med til saman 7 hovedeigarar; og at hovedeigar svarar; 3 av desse svara, 4 var alt inkludert i e-postutsendinga og svara der
- 11 svara via web- skjema

Dei 277 brevutsendte invitasjonane ga som resultat 16 nye svar.

Datafila vi fekk laste ned fra NSD Websurvey inneheld 100 svarpersonar. 62 av desse svara at dei ikkje ville delta. Analysefila vil dermed ha svar fra 38 heimelshavarar/ brukarar av jord i Norddal kommune (men ikkje alle svara fullstendige).

Samanlikning mellom svar på survey og populasjonen av heimshavarar

Spørjeskjemaet vart sendt til 357 personar, dels på e-post, dels i brev. Den mest fullstendige oversikten over heimshavarar til arealressursane i Norddal kommune er truleg lista vi fekk fra Statens Kartverk. I oversikten over alle matrikkeleiningar med meir enn 5 da areal var det lista opp 683 heimshavarar. Ovanfor reduserte vi denne til ei liste over 392 heimshavarar med kjent adresse i Norge. Hundre og tretti adresser ligg utanfor Norddal kommune. I surveysvara er det 5 heimshavarar med adresse utanfor kommunen. I tabell 8 ser vi korleis dei to mengdene fordeler seg på bygdelag. Ut fra dette ser ikkje utvalet ut til å vere tydeleg skeivt på nokon måte.

Bygdelag	Survey			Heimels-havarar*	
	Lokalisering av eigedom	Eigar er busett utanom kommuna	Talet med svar (N)	(N)	med bustad utanfor kommuna
Valldal (1-27)	17	2	19	178	52
Fjørå (28-35)	1	0	1	23	0
Tafjord (36-44)	0	1	1	28	13
Einslege fraflytte gardar (45-48)				6	5
Dalsbygda/ Norddal (49-55)	4	0	4	42	13
Eidsdal (56-73)	11	2	13	87	25
Einslege fraflytte gardar (74-79)				27	22
Statsallmenning (80-81)				1	0
Total	33	5	38	392	130

*Basert på lista over 392 heimshavarar med 5+ da areal og kjent adresse i Norge (sjå ovanfor). Kvar eigedom kan ha fleire heimshavarar.

Data fra Einingsregisteret i Brønnøysund

I Norddal kommune er det (desember 2015) registrert 537 organiserte foretak av ulik type i einingsregisteret. Storparten, 320 stykke, er einskildmannsforetak (ENK), 76 er aksjeselskap (AS), 17 er selskap med delt ansvar (DA), 10 er solidarisk ansvarlege selskap (ANS), 4 er stiftingar (STI), 78 er frivillige foreiningar (FLI), 7 er registrert som sameiger (SAM), 12 er registrert som samvirke (SA), 3 er eigarseksjonerte sameiger (ESEK), 2 har avgrensa ansvar (BA), eitt er norskregistrert utanlandsforetak (NUF). Der er også 4 offentlege organisasjonar (kommune, kyrkjesogn, skatteoppkrevjar og eit kommunalt foretak), og til slutt 3 organisasjonar med koden «ANNA» (eit ungdomslag, Norddal Fjellstyre, og Ole Krohn).

Mellom organisasjonane som ikkje er einskildmannsforetak finn vi 18 som nokså direkte er knytt til jordbruksdrifta. Vi finn fire DA og eitt ANS som har mjølk- og kjøttproduksjon av storfe som eit hovedmål. Ut fra intervju gjort i 2015 går det fram at berre 3 av desse er i drift i dag (Eidsdal Samdrift, Kleivasida Samdrift og Valldal Samdrift). Vi finn 2 samdrifter for produksjon av geitmjølk, men berre av dei ei i drift (Ytste-Kilsti Samdrift).

Tabell 9 Oversikt over organisasjonar som ikkje er einskildpersonforetak⁷ og som er knytt til jordbruksdrift (Kjelde: Brønnøysundregistera)

<i>Firmanamn</i>	<i>Formålsparagraf</i>
A & O Grønningsæter ANS	Jordbruksdrift. (Sauehold)
Eidsdal Bygdesørvis SA	Laget sitt formål er å formidle tenester fra medlemne til offentlege etatar, bedrifter og personar. Dette skal gje auka inntekter for medlemne ved betre utnytting av arbeidskraft, kompetanse, bygningar, maskinar, reiskap og verktøy m.v. Laget skal marknadsføre desse tenestene. (T.d. skogsarbeid, transport, leigekøyning, snikkerarbeid m.m.)
Eidsdal Samdrift DA	Felles mjølk- og storfekjøttproduksjon for å gje best mogeleg utnytting av deltakarane sine jordbruksareal og eventuelle areal som samdrifta eller deltakarane leiger. Samdrifta skal gje mogelegheiter for ordna arbeidsforhold, fritid og ferie for deltakarane. Samdrifta kan utføre andre aktivitetar som er naturleg knytte til landbruket.
Eidsvatnet Grunneigarlag SA	Forvalte og utnytte ressursane i Eidsvatnet i Eidsdal i Norddal kommune.
Fjørå Samsau DA	Felles fôrproduksjon og sauehold for å gje best mogeleg utnytting av deltakarane sine jordbruksareal og eventuelle areal som samdrifta eller deltakarane leiger. Samdrifta skal gje mogelegheiter for ordna arbeidsforhold, fritid, og ferie for deltakarane. Samdrifta kan utføre andre aktivitetar som er naturleg knytte til landbruket.
Herdal Beitelag BA	Herdalsetra: Felles seter for mjølkegeiter.
Kleivasida Samdrift DA	Å drive felles mjølk-, og storfekjøtt/livdyrproduksjon for å gje best mogeleg utnytting av deltakarane sine jordbruksareal og eventuelle areal som samdrifta eller deltakarane leiger. Samdrifta skal gje høve for ordna arbeidsforhold, fritid og ferie for deltakarane. Samdrifta skal til ei kvar tid tilstrebe optimal bedriftsøkonomisk drift. Samdrifta kan utføre andre aktivitetar som dei finn føremålstenleg.
Norddal Geitesamdrift DA	Drive felles geitemjølkeproduksjon for å gje best mogeleg utnytting av deltakarane sine landbrukseigedomar.
Norddal/Eidsdal Beitelag SA	Beitelaget skal samle beitebrukarar innan området for i fellesskap å legge tilhøva til rette for ei best mogeleg utnytting av utmarksbeite, redusere tap av dyr og sikre velferd for dyra gjennom organisert tilsyn, organisert sanking og andre målretta fellestiltak.
Relling Samdrift DA	Sams for- og mjølkeproduksjon for best mulig rasjonell og økonomisk av medlemmenes egne jordbruksareal, samt eventuelle eiendommer som blir kjøpt og/eller forpakta av Samdrifta. Samdrifta skal gi muligheter til ordnede arbeidsforhold, fritid og ferie for medlemmene. Samdrifta kan utføre enhver virksomhet som er naturlig knytt til landbruket.

⁷ Nokre av kontraktspartnarane i lista over innleige/utleige har namn som liknar bedrifter, men er registrert som einskildpersonforetak: Linge gartneri, Lingegarden, Berdal Gartneri, Omenås Sagbruk, Fjellgarden Gjæra

Storfjord Landbrukstenester SA	Skaffe avløyning slik at medlemene får regelmessig fritid, avlastning i onnetider og avløyning under sjukdom m. v. Laget kan og administrere/koordinere andre formar for samarbeidstiltak, som kan vera med å betra medlemmene sitt driftsresultat, arbeidssituasjon og velferd. Det kan og vera naturleg å yte andre tenester som styrkjer landbruket, eller vera utviklande for lokalmiljøet.
Sylfestgarden ANS	Jordbruksdrift med mjølk- og kjøttproduksjon storfe. Kjøttproduksjon sau.
Valldal Bygdeservice SA	Formidle tenester fra medlemene til offentlege etatar, bedrifter og personar. Dette skal gje auka inntekter for medlemene ved betre utnytting av arbeidskraft, kompetanse, bygningar, maskinar, verkty og reiskapar m. v. Laget skal aktivt marknadsføre desse tenestene. (T.d. Rekruttering og formidling av arbeidskraft)
Valldal Landbruksservice DA	Drive leigekøyring med maskiner og utstyr og andre aktivitetar som naturleg høyrer til.
Valldal og Fjørå Beitelag SA	Samla beitebrukara i området for i fellesskap å leggja tilhøva til rette for best mogeleg utnytting av utmarksbeite, minske tap av dyr og sikra at dyra har det bra gjennom organisert tilsyn, organisert sanking og andre målretta tiltak.
Valldal Samdrift DA	Drive felles mjølk- og storfekjøttproduksjon for best mogleg rasjonell og økonomisk utnytting av deltakarane sine jordbruksareal som samdrifta eller deltakarane leiger. Samdrifta skal gi høve til ordna arbeidsforhold, fritid og ferie for deltakarane. Samdrifta kan utføre andre aktivitetar som er naturleg knytt til landbruket.
Valldal Skogsservice DA	Drive med tømmerhogst, framkøyring av tømmer, planting, tynning, rydding, vedproduksjon, og elles arbeid som høyrer til.
Ytste-Kilsti Samdrift DA	Geitemjølkproduksjon for å gje mest mogleg utnytting av deltakarane sine landbrukseigedomar.
Fra Stranda kommune (1525)	
Lied Samdrift DA, Lied, 6212 LIABYGDA	Drive felles mjølk- og storfekjøttproduksjon for best mulig rasjonell og økonomisk utnyttelse av deltakernes egne jordbruksarealer samt eventuelle eiendommer som blir kjøpt og/eller forpaktet av Samdrifta. Samdrifta skal gi muligheter til ordnede arbeidsforhold, fritid og ferie for deltakerne. Samdrifta kan utføre enhver virksomhet som er naturlig knyttet til landbruket. Sylfestgarden ANS (sjå ovanfor) er deltakar i dette DA.


Data fra SLF


Fra SLF har vi fått tilgang til oversiktstabellen PT-1016 fra 2013 og 2014. Tabellane gir ein oversikt over leige og eigetilhøve for dei som får produksjonstilskott fra staten.

For 2013 har tabellen 331 ulike kontraktar fordelt på 95 innleigarar. To av desse innleigarane er foretak med delt ansvar der det eine har adresse i Stranda kommune. I Norddal kommune organiserer denne samdrifta beite for sau og har 3 avtalar. Vi finn også ein innleigar fra Stordal kommune. Det er dermed 93 innleigarar i Norddal. Dei 331 kontraktane er fordelt på 241 ulike utleigarar. I 76 av kontraktane er det ikkje oppgitt areal og i ei er utleigar ikkje oppgitt. Tre utleigarar med til saman seks kontraktar er organisasjonar (1 aksjeselskap (1 kontrakt), Norddal kommune (3 kontrakter) og Opplysningsvesents Fond (2kontrakter)).

Samanliknar vi talet på kontraktar med sum areal innleigd eller utleigd ser vi når vi tar omsyn til ekstremverdiene at innleigd areal synest stabilisere seg rundt 200-250 da med 5 eller fleire kontaktar.

Figur 4 Talet på innleigeavtalar (n=331) mot sum innleigd areal i da. Kjelde: SLF tabell PT-1016 fra 2013 og 2014.







I begge desse diagramma må vi hugs at driftsoperatøren vil finnast både som utleigar og som innleigar av areal som er i operatøren si eige. Når operatøren eig fleire ulike gr.nr./br.nr. vil kvart av dei gi opphav til ein avtale. Vi vil rekne dette som eit reint søknadsteknisk fenomen.

Mellom dei 331 avtalane finn 91 der utleigar og innleigar er same gr.nr./br.nr. og 11 avtalar mellom ulike gr.nr./br.nr. der eigaren er same personen. Det skulle gi 229 avtalar som ikkje har eit søknadsteknisk grunnlag. Vi ser vidare nokre avtalar mellom nære familiemedlemmer (foreldre eller svigerforeldre). Av denne typen avtale er det truleg fleire som vi ikkje kan identifisere.

Det er verdt å merke seg av nesten 30 prosent av kontraktane i PT1016 er reint søknadstekniske instrument.

Samanliknar vi fordelinga mellom sum areal og talet av avtalar for dei 229 avtalane der innleigar og utleigar ikkje er den same ser vi at dei to fordelingane ikkje er så ulik fordelinga av dei 331 vi starta med.

Figur 5 Talet på innleigeavtalar (n=229) mot sum innleigd areal i da. Kjelde: SLF tabell PT-1016 fra 2013 og 2014.



Dei 102 avtalane som har same utleigar som innleigar fordeler seg på 93 ulike personar som rapporterer at 7682 da vert leigd ut. I tillegg er det 7 med manglande opplysning om areal. Ni av personane har 2 utleigeavtalar. Dei 102 avtalane fordeler seg på 91 innleigarar der 11 har to innleigeavtalar med seg sjølv.

Samla ser vi at dei operatørane som har mest innleige har 13 ulike avtalar på opp til 339 da når vi tar med avtalane dei har med seg sjølv.

Medianstorleiken er på 2 leigeavtalar og 104 da. Minstestorleiken er 1 avtale og 11 da. I alt har dei 95 innleigarane leigd inn 11461 da. Det er litt meir enn jordbruksarealet på 11393 da som vi finn i tabell 4 ovanfor.

Tabell 10 Fordelinga av avtalar om innleige (95 innleigarar, 331 kontraktar) og areal innleigd.

N=95		Avtalar
100.0%	maximum	13
90.0%		8
75.0%	quartile	5
50.0%	median	2
25.0%	quartile	1
10.0%		1
0.0%	minimum	1
Kjelde: PT1016 for 2013		

N=95		Areal innleigd
100.0%	maximum	339
90.0%		245
75.0%	quartile	178
50.0%	median	104
25.0%	quartile	40
10.0%		22
0.0%	minimum	11
Kjelde: PT1016 for 2013		

Avtalane om utleige er sjeldan med meir enn ein innleigar. Medianen for talet av kontraktar er 1. Men der er også eit maksimum på 7. Det er ein skilde som leiger ut til fleire. Det er også mange store område som vert leigd ut. Median-storleiken er 44 da og maksimum er på 349 da.

Tabell 11 Fordelinga av avtalar om utleige (241 utleigarar, 331 kontraktar) og areal utleigd.

N=241		Avtalar
100.0%	maximum	7
90.0%		2
75.0%	quartile	2
50.0%	median	1
25.0%	quartile	1
10.0%		1
0.0%	minimum	1
Kjelde: PT1016 for 2013		

N=241		Areal utleigd
100.0%	maximum	349
90.0%		132,8
75.0%	quartile	85
50.0%	median	44
25.0%	quartile	19
10.0%		9
0.0%	minimum	1
Kjelde: PT1016 for 2013		

Ut fra figur 4 synest det som at talet på leigeavtalar ut over dei 4-6 første ikkje har så mye å seie for samla innleigd areal. Når vi held søknadstekniske avtalar utanom (figur 5) ser det ut til at omlag 150-200 da er ei slags øvre grense for innleige. Den eine som leiger 300da ser i dette diagrammet ut til å vere eit særtilfelle. Ut fra tabell 12 ser ein at omlag 23 % av kontraktane manglar areal for utleigar. Dette gjer ei samanlikning av utleigar mot innleigar vanskeleg. Sannsynlegvis reflekterer manglande opplysningar her at utleigd areal er lik innleigd areal. I mange av tilfella der ein har begge tala vil det innleigde arealet vere noko mindre enn det utleigde.

Tabell 12 Fordelinga av 331 kontraktar for bortleige og innleige etter storleiken av arealet som vert leig bort eller leigd inn. (Kjelde: PT1016 i 2013 for Norddal kommune)

N=331	Utleige-kontraktar			Innleige-kontraktar				
	Talet	%	Areal i da	Talet	%	Areal i da	missing i utleige	%
1-14 da	48	19	384	122	37	941	27	36
15-49 da	95	37	2893	131	40	3727	40	53
50-99 da	69	27	4934	58	18	4251	9	12
100+ da	43	17	6085	20	6	2542	0	0
Missing	76		...	0				
Sum	331		14296	331		11461	76	

Tabell 13 Fordelinga av 229 kontraktar for bortleige og innleige etter storleiken av arealet som vert leig bort eller leigd inn etter at søknadstekniske kontraktar er teke ut. (Kjelde: PT1016 i 2013 for Norddal kommune)

N=229	Utleige-kontrakter			Innleige-kontrakter				
	Talet	%	Areal i da	Talet	%	Areal i da	missing i utleige	%
1-14 da	38	24	36	110	48	842	26	38
15-49 da	76	48	2192	100	44	2717	37	54
50-99 da	34	21	2393	16	7	1048	6	9
100+ da	12	8	1723	3	1	358	0	0
Missing	69		...			0		
Sum	229		6614	229		4965	69	

Dei 229 utleigeavtalane fordeler seg på 64 ulike innleigarar som samla leiger inn 4965 da. Desse er leigd fra 164 ulike utleigarar (inkludert 1 fra uoppgitt namn⁸, 1 fra aksjeselskap, 2 fra Opplysningsvesenets Fond og 3 fra Norddal kommune). I følge tabellen leiger dei ut 6614 da og i tillegg er det 69 avtalar utan opplysning om utleigd areal. Dei 64 innleigarane leiger inn til saman 4965 da.

Ser vi attende på dei 331 avtalane i PT1016 finn vi at det er utleigd 14296 da medan innleiga er rapportert til 11461 da. Skilnaden på 2835 da er stor. For 76 utleiger er det ikkje rapportert noe størrelse på arealet. Går vi ut fra at det utleigde arealet i desse kontraktane er likt det innleigde arealet skulle vi hatt 14296+4004 da utleigd og framleis berre 11461 da innleigd. Skilnaden kan dermed vere så mye som 6839 da mellom kva som er utleigd og kva som er innleigd – og som ein får tilskott for.

⁸ I ein av avtalane er utleigaren utan namn og utan gyldig grnr/brnr (oppgitt til 99999/3024). Men innleigaren er kjent og innleigd areal er oppgitt. Truleg er det feilkoding i datamaterialet på utleigaren.

Data fra surveygransking

Opplagte feil i datamaterialet

Inntekter utanfor og fra jordbruk skulle oppgjevast i 1000 kroner. Dette er det fleire som ikkje har oppdaga. Det er høvesvis enkelt å sjå at somme tal må dividerast med 1000 for å verke truverdige. Dette har vore gjort. Same fenomenet gjeld for mjølkekvotar. Også her dividerte vi med 1000 for å få truverdige tal. Det er ingen som har mjølkekvotar på 10 millionar liter eller meir.

Når det gjeld opplysningar om eigd og leigd areal for samdrifter finn vi motstridande opplysningar for same samdrifta (Valldal samdrift) og også inkonsistente opplysningar for dei to samdriftene i Eidsdal. Opplysningane fra Kartverket viser at samdriftene står som heimelshavarar til si eiga romslege tomt (ca 6 da i Valldal og ca 9 da og 30 da på dei to i Eidsdal). Desse areala har lite å gjere med dei areala som trengst for drifta. Dei har alle tre omlag 70 dyr og treng både fôr og beite. Spørsmåla våre om eigd areal til fôrproduksjon og beite og leigd areal til fôrproduksjon og beite har ikkje fungert slik meininga var. Det er medlemmene i samdriftene som har areal både for fôrproduksjon og beite. Det kan tenkast at somme leiger bort arealet til samdrifta medan andre sel ferdigprodusert fôr. I PT1016 tabellen for 2013 og 2014 er det ikkje registrert leigeavtalar mellom samdrifter for mjølkeproduksjon i Norddal kommune, berre ein utleigeavtale til ei samdrift i Stranda kommune. Dei noko upresise formuleringane av spørsmålet om fôrproduksjon for samdrift må vi ta på eiga kappe.

I spørsmålet om framtida, kor mange år drifta vil kunne halde fram slik som no er det ein som svarar 2035. Dette skal meir truleg vere 20 år, der 2015+20 blir til 2035. Ein optimist har rett nok også svar 100 år. Men det får stå.

Aldersfordeling

Aldersfordelinga mellom dei som svara er konsentrert om aldersgruppa 65-73 med 42% av dei som svara, like mye som i aldersgruppa 45-64. Berre 16% er i alderen 28-45.

Tabell 14 Aldersfordelinga til 38 heimelshavarar i surveydata. Kjelde: egne data


Aldersgruppe	N	%
Under 45	6	16
45-64	16	42
65+	16	42
Sum	38	100

Kvantilfordelinga (n=38)		Alder
100.0%	maximum	73
90.0%		69
75.0%	quartile	64,25
50.0%	median	59
25.0%	quartile	46
10.0%		39,9
0.0%	minimum	28

I Statens Kartverk si lista over 683 heimelshavarar til matrikkeleiningar med meir enn 5 da areal i Norddal kommune finn vi 503 personar. Fire av desse manglar personnummer slik at vi ikkje kan rekne ut alder.

Dei 499 personane som er heimelshavarar til ulike eigedomseiningar med meir enn 5 da, fordeler seg på alder som vist nedanfor i figur 5 og tabell 15. Dei 38 i utvalet vårt er ikkje svært ulike den større populasjonen av eigarar.

Figur 5 Aldersfordelinga mellom 499 personlege heimelshavarar til eigedomseiningar med meir enn 5 da areal. Kjelde: Statens kartverk, heimelshavarar til areal med 5+da i Norddal kommune.



Tabell 15 Kvantilar i aldersfordelinga mellom 499 personlege heimelshavarar til eigedomseiningar med meir enn 5 da areal. Kjelde: Statens kartverk, heimelshavarar til areal med 5+da i Norddal kommune.

<i>Kvantilfordelinga (N=499)</i>		<i>Alder</i>
100.0%	maximum	112*
90.0%		78
75.0%	quartile	69
50.0%	median	59
25.0%	quartile	50
10.0%		41
0.0%	minimum	19
*Det bør nok stillest spørsmålsteikn om alderen til heimeslhavaren på 112 år.		

Eige eller leige?

Mellom dei 38 som har svara på spørjeskjemaet er det 5 som bor utanfor kommunen. Av dei 33 som bur i kommunen er det 4 som er pensjonistar (67+ år). Av dei 38 som svara var det nitten som svara at dei leiger inn areal og 18 svarar at dei ikkje leiger inn og ein svarar ikkje. Ser ein nærmare på dei 5 som er busett utanfor kommunen finn ein at 4 leiger ut. Den femte gjeld ein fjellgard som ikkje enkelt kan drivast med moderne maskiner.

For utleige finn vi at 9 leiger eller låner ut jorda (1 er utanbygdsbuande), 5 har andre til å drive jorda for seg (3 er utanbygdsbuande), 14 (1 er utanbygdsbuande) har ingen av delane (som kanskje kan tolkast til at dei driv jorda sjølve eller at jorda ligg for langt unna dei som kunne leige) og 10 svarar ikkje.

Av dei 11 innanbygdsbuande som seier dei ikkje leiger inn er det 5 som svarar at dei leiger ut og 2 som svarar at dei får andre til å drive jorda for seg, ein svarar ikkje og 3 svarar at dei verken leiger ut eller får nokon til å drive jorda. Men ser vi på eit anna spørsmål (variabelen ”TypeDrift”) finn vi at 2 av desse driv jorda sjølv, medan ein leiger ut.

Tabell 16 Innleige mot utleige hos dei 38 som svara på spørjeskjema

<i>Innleige</i>	<i>Utleige</i>				<i>N</i>
	<i>Ikkje svar</i>	<i>Ja leiger ut</i>	<i>Ja nokon driv jorda</i>	<i>Verken utleige eller at nokon driv jorda</i>	
<i>Ikkje svar</i>	2	1	0	0	3
<i>Ja leiger inn</i>	7	2	0	10	19
<i>Nei leiger ikkje inn</i>	1	6	5	4	16
N	10	9	5	14	38

Kjelde: Eigne data

Samanliknar vi talet av dei som leiger inn (19) med talet av dei som leiger ut (9) blir det tydeleg at det må vere noko skeivt i utvalet. Det er ikkje dobbelt så mange innleigarar som utleigarar mellom grunneigarane i Norddal. Ovanfor noterte vi 93 aktive jordbruksbedrifter (som potensielt kan leige inn) og 186 som ikkje er drivne aktivt. Det peikar i retning av at vi burde finne omlag 2 utleigarar for kva innleigar. Vi ser også i tabell 10 at mediantalet av leigeavtalar for innleigarar er 2.

Vi møter i dette spørsmålet eit tilleggsproblem i høve til at det er få som svarar på surveyen. Det er mange spørsmål der mange ikkje svarar. Dette vil i appendikset med frekvensfordelingar bli kalla ”missing”. I tillegg må vi vere merksame på at for mange spørsmål vil det komme fram mange ”missing” utan at det tyder anna enn at spørsmålet ikkje har vore relevant for svararen. Men på mange spørsmål der alle burde kunne svare er det altså manglande svar. Vi ser det i tabell 14 over dei som leiger inn mot dei som leiger ut.

Konklusjonen her er at datamaterialet vi sjølv har samla inn ikkje kan seie mye om strukturen i jordbruket i Norddal kommune. Men det vil sjølvsagt på enkelte punkt kunne indikere spørsmål som vi bør sjå nærmare på.

Intervju

For å supplere data fra surveyen har det i kvart av bygdelaga vore gjort fra 1 til 3 intervju med brukarar/ grunneigarar, til saman 9. I tillegg har det vore gjennomført 2 intervju med personar i kommunen sin administrasjon. Informasjonen vi får på den måten er heilt avgjerande både for å kryssjekke statistikken og for å skjønne det store biletet av næringsverksemda hos jordeigarane i kommunen.

Samdriftene for mjølkeproduksjon i Norddal eig ikkje areal for fôrproduksjon, og leiger heller ikkje areal for eigen fôrproduksjon. Dei kjøper fôr av medlemmene. Tilskottsordningane gir samdriftene tilskott per dyr, men ikkje arealtilskott. Den einskilde medlemen av samdrifta får derimot arealtilskott. Kvart medlem kan leige tilleggsareal for å produsere fôr. Kven som eig mjølkekvotar er meir uklart. Alle tre samdriftene blir i surveysvara rapportert å ha ein kvote på om lag 600 000 liter. Men om desse er eigde eller leigde av medlemmene er uklart. Utanom samdriftene er det 10-12 stykke som driv med mjølkeproduksjon, flest i Valldal. Vi ser også at ei samdrift i Stranda kommune, Lied Samdrift DA, brukar areal i Norddal. Desse areala er leigd og samdrifta er lista i tabellen PT1016 som mottakar av produksjonstilskott.

Det er 5 personar og ei samdrift som driv med geit. Alle har heilt nye driftsbygningar tilpassa geit. Alle einskildpersonane har likevel andre aktivitetar som hovedaktivitet, t. d. turisme eller vidareforedling av garden sin produksjon. Det er og eksempel på eit par grisefjøs som driv rimeleg stort, nokre i samarbeid med purkeringen in Tresfjord.

Jordbærproduksjonen er viktigaste produksjonen i Valldal. Kor mange som er aktive produsentar har vi ikkje tal på i dag. Jordbærdrifta går igjennom ein syklus på 4+1 år eller 4 + 2 år, der ein må drive med anna enn jordbær i 1 eller 2 år for å hindre sjukdom. Dette blir rapportert som ein vanske i prosessen med å leige inn ekstra areal. I periodane når ein ikkje kan dyrke jordbær leiger jordbærdyrkarane ut arealet til fôrproduksjon. Ein av storprodusentane har ekspandert til Tafjord og leiger areal der for å dyrke meir bær. Lokale informantar i Tafjord hevdar at jordsmonnet i Tafjord med mykje olivin (som inneheld mykje magnesium) er særleg veileigna for jordbærproduksjon. Jordbær dyrkinga er svært sesongprega. Dyrking av bæra er individuelt organisert inklusiv konkurranse om å leige inn ekstraareal. Men produsentane samarbeider godt om pakking og marknadsføring. Dei har t.d. eit topp moderne innfrysingsanlegg. Ein er i dag heilt avhengig av å leige inn arbeidshjelp fra Polen og Estland. Denne praksisen har gjort det lett for samdrifter å leige inn røktarar og avlørsarar fra dei same landa.

Det er 2-3 økologiske produsentar i kommunen, men dei må til tider reise langt for å skaffe nok fôr til dyra sine. Det er elles ein del brukarar som produserer rundballar for sal t.d. til fritidshestar, eller brukarar som har for lite fôr når våren blir sein. Men i 2015 ser det ut til å vere eit overskot av rundballar.

Jakt og fiskerettar er generelt lite brukt som inntektsgrunnlag. Hjortejakt har eit visst omfang, men er lite kommersialisert. Det har kome opp strid om beiterett versus jaktrett. Sauene skræmer hjorten vert det hevda. Det vert også sagt at jerv synest vere eit aukande problem for sauehaldet.

Sau er kanskje det vanlegaste husdyret. Nokre få driv stort. Desse har tidvis problem med å finne nok vårbeite før dei kan sende flokken til fjells. Mange har nokre få sauer som attåtnering. Desse brukar fjellet lite.

For dei fleste eigarane av landbrukseigedomar kjem hovedinntekta på ulike vis utanfor landbruket. Den er ofte knytt til pendling, både over fjorden og/ eller ut av kommunen. Også mellom dei 93 som tar imot tilskott er det berre eit mindretal som ikkje har andre inntektsgevendende aktivitetar enn jordbruk. Nokre vidareforedlar eigne råvarer (bær, kjøtt), andre har tradisjonelle handverk som tømrararbeid, rørleggararbeid, elektrikararbeid og liknande. Ølbrygging er ein slik ekstraaktivitet. Maskinutleige finst, t.d. rundballe utstyr. Litt av maskinutleige og mindre oppdrag elles er organisert gjennom lokale samvirkeorganisasjonar (t.d. Eidsdal Bydesørvis SA, Valldal Bygdeservice SA). Fleire har retta inn aktivitetar mot turiststraumen som går gjennom kommunen om somrane (t.d. campingplassar, hytteutleige, rafting og aktivitetspark).

Oppsummering

Både i Norge totalt, i Møre og Romsdal og i Norddal kommune har mengda av leigejord vore på aukande sidan 60-talet, og siste åra har det noko raskare enn før. Kontraktene som vert brukt er anten den 10 års standardkontrakta som lovverket legg opp til eller reint munnlege avtalar. Det vi ser av både eigne data og av offentleg statistikk er at det er svært lite kjøp og sal av jord om vi samanliknar dette med den raske auken i utleige og innleige. Endringane i jordbruksforetaka har med andre ord ikkje noko motsvar i endringar i eigeomsstrukturen.

Driveplikt og teknologisk endring gjer at utleige vert ein enkel måte for å tilpasse seg ein situasjon der eiga drift av garden ikkje gir tilstrekkeleg utkomme og ikkje kan kombinerast med anna arbeid. Dette fører til utleige. For dei som ser at eiga jord ikkje er nok til lønsam drift er løysinga innleige. Vi ser også at utforminga av tilskottssystemet påverkar måten ein driv jorda på, som t.d. i utforminga av samdrifter for mjølkeproduksjon. Samtidig ser vi også at endra reglar og ny teknologi på andre område (t.d. foredling av eigne råvarer eller tenester for turistar) kan opne for nye attåtneringar på bruk som elles ville ha for dårleg lønsemd med tradisjonell drift.

Om datainnsamlinga må vi seie to ting. Den eine er at det er meir tidkrevjande å skaffe nødvendige konsesjonar fra registereigarar enn godt er for forkinga. Den andre konklusjonen er at det er så pass vanskeleg å få svar på eit «vanleg» spørjeskjema at resultatane ikkje er brukande for mange formål. Det skal også seiast at spørjeskjemaet sett som testskjema nok var meir omfattande enn det burde vere for vårt formål.

Heldigvis fekk vi i denne granskinga gode svar fra dei som driv aktivt og som dermed er innleigarar av jord. Men vi fekk praktisk tala ingen svar fra dei mange utleigarane. Da vert det vanskeleg å svare på kva for mål dei måtte ha for bruken av eigeomen sin i framtida.

Referansar

Linge, Terje, and Leonhard Tafjord, eds. 1997. *Ættebok for Norddal Del I og Del II 1997*. 2 vols, *Norddal Bygdebøker*. Valldal: Norddal Kommune.

Stein T. Holden/ Espens Sjaastad/ Erling Berge,
Centre for Land Tenure Studies,
Norges miljø- og biovitenskapelige universitet (NMBU)
Postboks 5003
NO-1432 Ås

NN
XX Kommune,

Jordleige og strukturendringar i norsk landbruk

Centre for Land Tenure Studies ved NMBU (Universitetet for Miljø og Biofag på Ås) i samarbeid med «Skog og Landskap» har fått ei lita løyving for å gjere ei prøvegransking av bruken av leigekontrakter i landbruksføretaka som er registrert i Landbruksregisteret til Statens Landbruksforvaltning. Prosjektgruppa består av

- Stein Holden, Centre for Land Tenure Studies (HH-NMBU),
- Erling Berge, Centre for Land Tenure Studies (ILP, NMBU),
- Espen Sjaastad, Centre for Land Tenure Studies (Noragric, NMBU),
- Håvard Steinsholt, Centre for Land Tenure Studies (ILP, NMBU),
- Gregory Taff, Skog og landskap,
- Geir-Harald Strand, Skog og landskap
- Ingvild Nystuen, Skog og Landskap

Prosjektet er ikkje gjort som oppdrag for nokon andre enn prosjektdeltakrane. Utgangspunktet for prosjektet er at vi har sett ein sterk auke i bruken av leigd jord i Norge dei siste åra. Dei best tilgjengelege tala viser eit omfang på om lag 40% av arealet som er i drift. Lovendingar i 2003 og 2006 har skapt nye omstende for bruken av kontrakter. Vi meiner derfor at vi treng meir kunnskap om kva typar kontrakter som er i bruk og om korleis dei ulike kontraktene verkar i praksis.

Planen er å sjå på tilhøva i tre kommunar: Ås, Norddal og Rissa. Resultata vi kjem fram til her vil vere retningssgjevande for å gjennomføre ein landsomfattande studie. I kvar kommune ønskjer vi å sjå på tre typar data: data frå Landbruksregisteret, data frå intervju av eit utval av dei som driv landbruksføretak i dei einsskilte kommunane og data frå kommunen si forvaltning av landbruksføretaka. Data vi samlar inn vil bli nytta i samband med å førebu ei meir omfattande gransking av følgjande tema:

- Ei utgreiing av historiske endringar av jordleige og bruk av ulike kontraktformer i Norge,
- Ein studie av korleis landbrukspolitikk, lovendingar og økonomiske trendar påverkar omfang og karakter av jordleige i ulike regionar,
- Ei vurdering av mogelege konsekvensar av nyare trendar i jordleige med tanke på effektivisering av produksjon, fragmentering og fordeling av eigedom, og samanhengar mellom bruksformer og bosettingsmønster.

Dette forprosjektet varer til utgangen av 2015.

Alle personopplysningar vert handsama konfidensielt etter lov og forskrift. Prosjektet er meldt til Personvernombodet for forskning, Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS. Dette tyder at identiteten til personane som er med i granskinga vil bli lagra hos prosjektleiinga etter lov og forskrift. Prosjektmedarbeidarane vil ha tilgang til personidentifiserbare opplysningar berre etter ein særskilt koplingsprosedyre når registerdata og intervjudata skal analyserast

saman. Normalt vil dataanalysen basere seg på anonymiserte datafiler. Ved prosjektslutt vil papirutgåva av intervju skjema og analysefilen bli arkivert i NMBU sitt arkiv for primærmateriale frå forskning. Anna materiale vil bli destruert. Publikasjonar vil berre innehalde anonymisert informasjon.

I arbeidet med å skaffe fram data frå kommunen vonar vi på eit konstruktivt samarbeid med landbruksmynda i dei tre kommunane og vonar de kan hjelpe oss med å opprette ein kontaktperson som kan vegleie oss på tilhøva i <XX> kommune.

Dersom du har spørsmål om prosjektet ber vi deg kontakte

Professor Stein T. Holden,
P.O.Box 5033, Norges Miljø- og Biovitenskapelige Universitet,
1432 Ås
Telefon: 64965699/ 94970615
e-post: stein.holden@nmbu.no

Vørdtsamt
Erling Berge
Professor, PhD,
Department of Landscape Architecture and Spatial Planning/
Centre for Land Tenure Studies,
Norwegian University of Life Sciences,
PO Box 5003, NO-1432 Aas, Norway

Jordleie og strukturendringer i norsk landbruk
Senter for eiendomsstudier, NMBU

Navn: _____

Kommune: _____

Intervjuguide kommunetilsette:

1. Kor mange aktive driftseiningar finst det i Norddal?
2. Kor mange bruk har ikkje drift av eigaren?
3. Korleis vert driveplikta oppfylt for desse?
4. Kor mange av dei bruka som ikkje er i drift har eigar busett utanom kommunen?
5. Kor mange av dei aktive brukarane leiger jord i tillegg til den dei eig?
6. Er det mange som har lang transportveg/ ulagelege driftstilhøve på leigejorda?

7. Kva finst det av andre ordningar enn det tradisjonelle familiebruket? (jfr.: 11 av 93 som får tilskott: A O Grønningsæter ANS; Berdal Garneri; Eidsdal Samdrift DA; Fjellgarden Gjæra; Fjørå Samsau DA; Kleivasida samdrift DA; Lingegarden; Linge Gartneri; Omenås sagbruk; Gardsbryggeri; Valldal Samdrift DA)
8. Har desse eit anna tilhøve til jordleige enn vanlege brukarar?

9. Er det nokon som leiger inn arbeidshjelp eller maskiner av ulik type (jfr.: jordbærplukkarar)
10. Kva typar oppdrag er det oftast tale om?

11. Kva har skjedd eller skjer av investeringar i jordbruket dei siste åra?
12. Er det knytt til omlegging av drift?
13. Er det knytt til generasjonsskifte?
14. Er det knytt til jordleige på nokon måte?

15. I den tradisjonelle drifta, korleis er situasjonen i høve til anna arbeid eller inntekter?
16. Kor mange fulltids sysselsette jordbrukarar finn vi kommunen? Er det skilnad mellom tradisjonelt jordbruk og dei nyare formene vi snakka om ovanfor?

Navn: _____

Kommune: _____

- Jordleige:
 - Jordlova §8 Driveplikta kan oppfyllest ved at arealet vert leigd bort som tilleggsjord til annan landbrukseigedom. Det er ein føresetnad for at driveplikta er oppfylt ved bortleige at leigeavtala er på minst 10 år om gongen utan høve for eigaren til å seie ho opp. Avtala må føre til driftsmessig gode løysingar og vere skriftleg. ...
 - Jordlova § 19. *Tilsyn*. Kommunen og fylkesmannen fører tilsyn med at føresegnene i §§ 8, 9, 10, 11 og 12 vert haldne.
 - Konesjonslova §3 Lovens regler om konsesjon gjelder også stiftelse og overdragelse av leierett og annen lignende bruksrett over fast eiendom med mindre retten er stiftet for en tid av høyst 10 år, uten adgang for brukeren til å kreve kontraktstiden forlenget ut over dette tidsrom. Det samme gjelder for andre rettigheter over fast eiendom som innebærer at eierens adgang til å rå over eiendommen eller til å få det økonomiske utbyttet av den blir vesentlig innskrenket. Stiftelse og overdragelse av utbyggingskontrakter av enhver art, herunder avtaler om fortrinnsrett til å foreta utbygging, medfører konsesjonsplikt uten hensyn til varighet. Fast eiendom kan ikke tas til brukelig pant for lengre tid enn 3 år uten konsesjon.

Navn: _____
Gårdsnr./Bruksnr. _____ Kommune: _____

Intervjuguide for utdyping av einskilde spørsmål i surveyeskjema

Jordbruksdrift

Er gårdsdriften fulltidsbeskjeftigelse?

Hvem er hovedansvarlig for gårdsdriften?

Hvem andre bidrar i gårdsdriften?

Arbeider noen i familien utenfor garden? Indiker hvilke personer, typer arbeid, % stilling

Annen type deltidsarbeid du/familien er engasjert i

Navn: _____
Gårdsnr./Bruksnr. _____ Kommune: _____

Innleie av jord

Leier du inn jord fra andre brukere eller har avtale om å drive jorda for andre som en vennetjeneste?

Hvis du leier inn jord, ville du være interessert i å kjøpe noe av denne jorda?

Hvis du driver jorda for andre som en vennetjeneste, hva er årsaken

Inngår andre ressurser enn dyrka mark i leie/låneavtaler (bygninger, jakt, fiske, ved, beite, bruk av fellesressurser i sameier og allmenning osv.)

Utleie av jord

Leier du ut noe jord til andre? Og/eller har du noen andre som hjelper deg å drive jorda di?

Hvis du leier ut jord, har du vurdert å dele fra og selge denne jorda eller selge hele bruket?

Inngår andre ressurser enn dyrka mark i leie/låneavtaler (bygninger, jakt, fiske, ved, beite, bruk av fellesressurser i sameier og allmenning osv.)

Navn: _____
Gårdsnr./Bruksnr. _____ Kommune: _____

Driftsbygninger

Driftsbygning(er)s tilstand og alder

Melkekvote

Har du melkekvote i dag?

Har du hatt melkekvote tidligere?

Samdrift

Er du med på en samdrift?

Hvis ja, hvor mange brukseiere er med på samdriften?

Hva er totalt antall melkekyr i samdriften?

Hva er/var total melkekvote for samdriften?

Hvor stort er produksjonsarealet for samdriften?

Hvis samdriften leier tilleggsareal:

Leier du inn arbeidskraft og/eller maskiner til bestemte formål på bruket?

Navn: _____
Gårdsnr./Bruksnr. _____ Kommune: _____

Vesentlige endringer i driften de ti siste år

Har det vært vesentlige endringer i driften de ti siste år som har bidratt til en betydelig endring i produksjonsaktiviteten på bruket?

Hvis det er tilfelle, hva var hovedårsaken(e) til denne endringen?

Og i tilfelle, påvirket det din involvering i jordleie, og om ja, hvordan?

Har disse vesentlige endringene omfattet fradeling av jord, overføring til ny eier, og/eller salg av (deler av) eiendommen?

Framtidsplaner

Hva er framtidsplanene dine for bruket?

Hvem står for langsiktige investeringer (grøfting, kalking, gjerder, driftsbygg og anlegg, kantbehandling på innmarka, rydding og skjøtsel av beiter- vedlikehold av landbruksveger, vedlikehold av grensemerker osv.) (leietager, grunneier, ingen/uavklart).

Hvem representerer/står som ansvarlig i styrende organer og for inntekter/kostnader ved fellesanlegg (veg, vann , gjerde osv.) og felles arealressurser.

6 mars 2015

Kjære nn,

Du får denne e-posten frå professor Erling Berge, NMBU, fordi det er sterkt ønskjeleg med informasjon frå deg om korleis du opplever situasjonen for jordbruket i Norddal kommune, særleg med tanke på bruk av jordleige/ jordlån. Spørsmåla vi ønskje å få svar på er del av eit forskingsprosjekt utforma ved «Centre for Land Tenure Studies» (Senter for studiar av eigedomstilhøve) ved Norges Miljø- og Biovitskapelege Universitet i Ås. Norddal kommune er med i granskinga saman med Rissa i Nord-Trøndelag og Ås i Akershus.

Dersom du kan tenkje deg å vere med på denne undersøkelsen finn du fleire detaljar om den i innleiinga på spørjeskjemaet som du finn på lenka

<.....>

Dersom du etter å lest igjennom denne har spørsmål ber vi deg ta kontakt på e-post (erling.berge@nmbu.no) eller telefon (90653509). Dersom du til slutt likevel ikkje vil delta, melder du frå om dette ved å svare på første spørsmålet. Når det er gjort vil da sleppe å høyre meir frå oss.

Å svare på spørsmåla vil for dei fleste ta mindre enn 30 minutt. Dersom du treng å ta ein pause i utfyllinga er det berre å logge ut. Neste gong du loggar inn vil du komme tilbake der du slutta og du kan fullføre.

Mvh

Erling Berge, Professor, PhD,
Department of Landscape Architecture and Spatial Planning/
Centre for Land Tenure Studies,
Norwegian University of Life Sciences,
PO Box 5003, NO-1432 Aas, Norway
Homepage: <http://www.umb.no/>
Personal homepage: <http://www.erlingberge.no/>

Stein T. Holden/ Espens Sjaastad/ Erling Berge,
Centre for Land Tenure Studies,
Norges miljø- og biovitenskapelige universitet (NMBU)
Postboks 5003
NO-1432 Ås

Ås, mars 2015

Til

<...namn og adresse frå adressefil>


Jordleige og strukturendringar i norsk landbruk

Dette brevet er ei oppmoding om å delta i ei gransking av lordleige i Norddal kommune.

Jordleige er eit fenomen som er i vekst. Dei siste 10 åra har det auka raskare enn før. I 1959 var 12% av jordbruksarealet i Norge innleigd, i 1979 var dette auka til 20% og i 1999 til 31%. Men frå 1999 til 2010 voks det dobbelt så fort til 42%. I 2010 var det i Møre og Romsdal 47% leigegreal.

Centre for Land Tenure Studies ved NMBU (Norges Miljø- og Biofaglege Universitet) i samarbeid med Norsk institutt for skog og landskap har fått ei lita løyving for å gjere ei prøvegransking av bruken av jordleige i dagens norske landbruk. Dette forprosjektet varer til utgangen av 2015.

Norrdal kommune er ei av 3 kommunar vi skal sjå nærmare på. Utviklinga i jordleige i Norddal er vist i figuren nedanfor. Vi ser av figuren at det i Norddal er mindre bruk av leigegreal enn i Møre og Romsdal fylke.



Prosjektgruppa består av

- Stein Holden, Centre for Land Tenure Studies/ HH, NMBU,
- Erling Berge, Håvard Steinsholt, Centre for Land Tenure Studies/ ILP, NMBU,
- Espen Sjaastad, Centre for Land Tenure Studies/ Noragric, NMBU,
- Gregory Taff, Geir-Harald Strand, Ingvild Nystuen, Skog og landskap,

Erling Berge har ansvaret for innsamling av data frå Norddal. Nærings sjefen er orientert om granskinga og vil kunne svare på visse spørsmål rundt den, men vil ikkje ha tilgang til noko av datamaterialet vi samlar inn.

Prosjektet er ikkje gjort som oppdrag for nokon andre enn prosjektdeltakarane. Utgangspunktet for prosjektet er at vi har sett ein sterk auke i bruken av leigd jord i Norge dei siste åra. Lovendingar i 2003 og 2006 har skapt nye omstende for bruken av kontraktar. Vi meiner derfor at vi treng meir kunnskap om kva typar kontraktar som er i bruk og om korleis dei ulike kontraktane verkar i praksis.

I kvar kommune ønskjer vi å sjå på tre typar data: data frå landbruksregisteret, data frå intervju av eit utval av dei som driv eller har drive landbruksføretak i dei einsskilte kommunane og data frå kommunen si forvaltning av landbruksføretaka. Data vi samlar inn vil bli nytta i samband med å førebu ei meir omfattande gransking av følgjande tema:

- Ei utgreiing av historiske endringar av jordleige og bruk av ulike kontraktformer i Norge,
- Ein studie av korleis landbrukspolitik, lovendingar og økonomiske trendar påverkar omfang og karakter av jordleige i ulike regionar,
- Ei vurdering av moglege konsekvensar av nyare trendar i jordleige med tanke på effektivisering av produksjon, fragmentering og fordeling av eigedom, og samanhengar mellom bruksformer og bosettingsmønster.

Dette forprosjektet varer til utgangen av 2015.

Vi vonar du er villig til å setje av omlag ein halvtime (som testane tyder på det vil ta) til å svare på spørsmåla vår.

Spørsmåla finn du på web-sida <https://resp.nsd.uib.no/survey/login.aspx>

Der loggar du deg inn med

Brukar ID (User ID): <...>

Passord (PIN Code): <...>

Datainnsamling som dette kan etter lov og forskrift berre finne stad etter informert samtykke. Første spørsmålet i skjemaet er derfor om samtykke. Dersom du heilt sikkert ikkje vil delta merkar du av for dette. Du er da ute av undersøkelsen. Vi vonar likevel at du som heimelshavar til ein landbrukseigedom i Norddal kommune vil vere med på prosjektet gjennom å svare på spørsmåla om korleis stoda er for deg og bruket ditt. Også i det høvet du verken leiger inn jord eller leiger ut jord er vi interessert i å høyre kva tankar du har om fenomenet.

Dersom du heller vil fylle ut skjema på papir ber vi deg returnere siste sida i den vedlagte svarkonvolutten. Denne siste sida bør også den som ikkje ønskjer å ta del i granskinga sende tilbake så slepp du plagast med purringar.

Alle personopplysningar vert handsama konfidensielt etter lov og forskrift. Prosjektet er meldt til Personvernombodet for forskning, Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste. Dette tyder at identiteten til personane som er med i granskinga vil bli lagra hos prosjektleiinga etter lov og forskrift. Prosjektmedarbeidarane vil ha tilgang til personidentifiserbare opplysningar berre etter ein særskilt koplingsprosedyre når registerdata og intervjudata skal analyserast saman. Normalt vil dataanalysen basere seg på datafiler der personopplysningar er fjerna. Ved prosjektslutt vil personidentifiserbare data bli arkivert i NMBU sitt arkiv for primærmateriale frå forskning. Anna materiale vil bli destruert. Publikasjonar vil berre innehalde anonym informasjon.

Vi vil få presisere at det er ei frivillig sak å ta del i granskinga. Du kan når som helst trekke deg frå deltakinga utan å gi grunnar for det. Det vi har av opplysningar om deg vil da bli destruert.

Dersom du har spørsmål om prosjektet ber vi deg kontakte prosjektleiar
Professor Stein T. Holden, Handelshøgskolen/ Centre for Land Tenure Studies,
Norges Miljø- og Biovitenskapelige Universitet, P.O.Box 5033, 1432 Ås
Telefon: 64965699/ 94970615
e-post: stein.holden@nmbu.no

eller

Professor Erling Berge
Institutt for landskapsplanlegging/ Centre for Land Tenure Studies,
Nores Miljø- og Biovitenskapelige Universitet, PO Box 5003, NO-1432 Ås
Telefon: 67231251/ 90653509
e-post: erling.berge@nmbu.no

Vørdtsamt

A handwritten signature in black ink that reads "Erling Berge". The signature is written in a cursive, flowing style.

Erling Berge

Samtykke til å delta i studien

Eg har motteke informasjon om studien, og

vil gjerne ta del i studien men ønsker å svare på papirskjema

ønsker ikkje å vere med på denne studien

(Signert av deltakar, dato)

24 april 2015

Kjære nn,

Vi er i gang med ein studie av jordleige i dagens norske jordbruk. Du har tidlegare vore spurt om du kan gi informasjon om jorda du eig og jordbruket du driv. Men også dei som verken leiger ut eller inn er ein viktig del av det biletet vi studerer. Vi treng kunnskap frå alle sider.

Denne e-posten er ei bøn om hjelp. Det er til no for få som har svara til at vi får god nytte av opplysningane. Nokre få av dykk har vore inne og byrja å svare men har ikkje fullført. Dersom de går tilbake til skjema vil de komme tilbake der de stoppa og kan fullføre.

Dersom du vil hjelpe oss med opplysningar til undersøkelsen finn du spørjeskjemaet ved å logge inn med

<.....>

Å svare på spørsmåla vil for dei fleste ta mindre enn 30 minutt. Dersom du treng å ta ein pause i utfyllinga er det berre å logge ut og logge inn igjen når du har tid.

Dersom du har spørsmål ber vi deg ta kontakt på e-post (erling.berge@nmbu.no) eller telefon (90653509). Dersom du ikkje vil delta, melder du frå om dette ved å svare på første spørsmålet.

Mvh

Erling Berge, Professor, PhD,
Department of Landscape Architecture and Spatial Planning/
Centre for Land Tenure Studies,
Norwegian University of Life Sciences,
PO Box 5003, NO-1432 Aas, Norway
Homepage: <http://www.umb.no/>
Personal homepage: <http://www.erlingberge.no/>

E. Berge, 29 mai 2015

<e-postadresser for slike som ikkje har svar>

Studiar av jordleige og strukturendring i norsk landbruk

Gjennom tilgjengeleg statistikk veit vi ein del om stoda for landbruket på kommunenivå. Men med dei tydelege endringane i talet på aktive brukarar som vi ser over hele landet dei siste åra er det viktig å finne ut korleis dagens aktive brukarar arbeider og korleis dei ser for seg utvikinga. Dette er bakgrunen for å spørje dykk.

Norrdal er ei av tre kommunar som vert studert i år. Dei fleste av heimelshavarane til jordbrukseigedommar i Norrdal har fått brev og/ eller epost med bøn om å bidra med opplysningar til denne granskinga. Mange har svara, men ikkje mange nok til at vi kan trekkje sikre konklusjonar om stoda i dag. Derfor ber vi på denne måten enno ein gong om at de finn nokre minutt (for dei aller fleste mindre enn 15) for å svare på web-skjemaet vårt.

<innloggingsdata>

Det er Centre for Land Tenure Studies ved NMBU (Norges Miljø- og Biofaglege Universitet) i samarbeid med Norsk institutt for skog og landskap som har ansvaret for gransking av bruken av jordleige i dagens norske landbruk. Erling Berge har ansvaret for innsamling av data frå Norrdal. Dersom du ønskjer ytterlegare opplysningar så gjer vel å ta kontakt på e-post Erling.Berge@nmbu.no, eller med brev eller telefon til Professor Erling Berge
Institutt for landskapsplanlegging/ Centre for Land Tenure Studies,
Norges Miljø- og Biovitskapelege Universitet, PO Box 5003, NO-1432 Ås
Telefon: 67231251/ 90653509

Vørdtsamt
Erling Berge


Ås, 10 april 2015

Kjære intervjuperson,

Takk for at du vil ta bryderiet med å svare på spørsmåla våre. I denne sending kjem spørsmåla på papir. Diverre, må eg få seie, ser det litt mye ut ved første blick. Skjema er utforma med tanke på web-løysinga. På webben ser ein berre dei spørsmåla som gjed den einskilde. Her får du alle. Dersom du ikkje leiger inn jord skal du ikkje svare på spørsmåla som gjeld innleige. Dersom du heller ikkje leiger ut jord skal du heller ikkje svare på slike spørsmål. Men det er viktig for granskinga at vi får svar på resten av spørsmåla. Dei som leiger inn eller leiger ut må samanliknaast med dei som ikkje gjer nokon av delane.

Så ikkje mist motet, men svar på dei spørsmåla som er relevante for din situasjon.

Mvh



Erling Berge, Professor, PhD,
Department of Landscape Architecture and Spatial Planning/
Centre for Land Tenure Studies,
Norwegian University of Life Sciences,
PO Box 5003, NO-1432 Aas, Norway

e-mail: Erling.Berge@erlingberge.no

Homepage: <http://www.umb.no/>

Personal homepage: <http://www.erlingberge.no/>

Jordleie og strukturendringer i norsk landbruk

Centre for Land Tenure Studies ved NMBU (Norges Miljø- og Biofaglige Universitet) i samarbeid med «Skog og Landskap» (Norsk institutt for skog og landskap) har fått anledning til å studere bruken av leiekontrakter i dagens landbruk. Dette betyr at vi er interessert i svar fra alle som eier jordbrukseiendommer, ikke bare fra de som bruker leiekontrakter men også fra de som ikke bruker kontrakter.

<p> </p>Prosjektgruppa består av <p> </p>

- Stein Holden, Centre for Land Tenure Studies (HH-NMBU), <p> </p>
- Erling Berge, Centre for Land Tenure Studies (ILP, NMBU), <p> </p>
- Espen Sjaastad, Centre for Land Tenure Studies (Noragric, NMBU), <p> </p>
- Håvard Steinsholt, Centre for Land Tenure Studies (ILP, NMBU), <p> </p>
- Gregory Taff, Skog og landskap, <p> </p>
